

MUSEA I SOGN
OG FJORDANE



Museum
Vest

HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

Forskningsressursar og rammevilkår for forskning i musea i Vestland

Ein kartleggingsrapport





Museum
Vest



HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

BYMUSEET.



M U
H O
MUSEUMSSENTERET
I HORDALAND



Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland:

Musea i Sogn og Fjordane
Museum Vest
Hardanger og Voss museum
Bymuseet i Bergen
Museumssenteret i Hordaland
Kraftmuseet
Sunnhordland Museum
Nynorsk kultursentrum

Støtta av utviklingsmidlar frå Kulturdirektoratet og Vestland fylkeskommune



Innhald

Innleiing	4
Materiale og metode.....	6
Spørjeundersøking	6
Planar og årsmeldingar	7
Forståing av sentrale forskingsomgrep	7
Forsking	7
Forskingskompetanse.....	9
Forskingstid	10
Forskningsresultat ved musea i Vestland 2017-2021	11
Rammevilkår for forsking ved musea i Vestland	14
Tilrettelegging for forsking	18s
Motivasjon blant dei tilsette.....	24
Forskningsressursar i musea i Vestland.....	27
Tilgang til forskningslitteratur	27
Forskingskompetanse som ressurs	28
Forskingstid som ressurs.....	33
Forskningsrelaterte møteplassar i musea	34
Status for forskinga ved musea i Vestland 2022	36
Leiing.....	36
Tilsette.....	36
Særlege strukturelle utfordringar	37
Kjelder.....	38
Vedlegg	40
Vedlegg 1: Oversyn over fagfellevurderte publikasjonar ved musea i Vestland 2017-2021 ...	41
Vedlegg 2: Forskningsinfrastruktur i Vestland - spørsmål til øvste leiар ved musea	44
Vedlegg 3: Forskningsinfrastruktur ved musea i Vestland - Spørsmål til tilsette ved musea ..	47
Vedlegg 4: Forskningsinfrastruktur i Vestland - Forskar-CV	49



Innleiing

Denne rapporten er laga i regi av utviklingsprosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland», støtta med midlar fra Kulturdirektoratets utviklingsprogram for forsking og Vestland fylkeskommunes tilskotsordning for Museumsløft. Intensjonen med kartlegginga er todelt: For det første ønskjer vi å skaffe meir kunnskap om forskingstilhøva og forskingsleveransane ved musea i Vestland. Vidare vil vi ut frå kunnskap om kva som fungerer bra, og kva som er dei største utfordringane for desse musea innretta den vidare aktiviteten for å fremja god forskningsinfrastruktur mellom musea. Slik håpar vi å kunne bidra til meir forskningsproduksjon ved musea i Vestland.

Vi har kartlagd forskingskompetanse og -ressursar i åtte museum i Vestland underlagt Kulturdepartementet (KUD).¹ Alle musea i prosjektet inngår i det nasjonale museumsnettverket og Kulturdirektoratets årlege museumsvurdering.

Kartlegginga kviler på to anonyme spørjeundersøkingar (ei retta mot leiinga og ei retta mot dei tilsette) og ei undersøking som har kartlagd forsking og forskarkompetanse i musea med tanke på å kunne dela kompetanse. I tillegg har vi nytta museas nyaste årsmeldingar (2020/21), strategiplanar, forskingsplanar m.v.

Rapporten gir eit interessant og nyttig innblikk i stoda for forsking i musea i Vestland.

Kartlegginga stadfestar til ein viss grad dei same tendensane som er påpeika i offentlege utgreiingar og rapportar. Men den gir samstundes eit fyldigare og meir samansett innsyn i korleis musea som institusjonar og dei fagtilsette skjønar og praktiserer forsking på, kva ein opplever som hindringar for å forske, men òg kva nytteverdi ein tillegg denne forma for museumsfagleg arbeid.

Musea i Vestland er mellom dei musea som formelt har sett forskinga på sin eigen dagsorden i form av planverk. Gjennomgangen av desse viser at alle musea har ei forståing av forskingsomgrep som legg seg prinsipielt likt med ei allmenn akademisk forståing, men gjerne med ei tilleggsforankring i andre museale ansvarsområde slik som samlingane og formidlinga. Forskinga blir altså sett på som nyttig for fleire enn dei som forskar på musea og synest òg vendt mot ei breiare offentlegheit enn eit smalt samansett forskarfellesskap.

Den breie relevansen ein legg i forskinga, eller kanskje òg statusen den har, viser òg i materialet ved at langt fleire enn forventa på ein eller annan måte ser på seg og sin kompetanse som forskingsrelevant. Det er såleis langt fleire som har svara på undersøkinga enn det er tilsette med doktorgrad eller konservatorgodkjenning. Og i nokon grad er det òg i tråd med måten musea i sine planverk knyt ulike formar for kunnskap og kompetanse til institusjonane sitt forskingsformål.

Undersøkinga viser samstundes at musea i Vestland publiserer lite i forhold til omfanget av tilsette med det dei sjølve eller institusjonen skjønar som forskingskompetanse. Rapporten viser fleire forhold som kan forklare dette, samstundes som det her er eit sett av samansette variablar som gjer seg gjeldande. Eit tydeleg funn er at både tilsette og leiarar opplever manglande eller dårlig tilgang på forskingslitteratur som eit særskilt vanskeleg hinder for å utvikle musea som forskande institusjonar. Andre faktorar blir derimot forstått noko ulikt av museumsleiinga og dei tilsette. Dette kjem mellom anna til uttrykk i korleis ein opplever trangen for meir kompetanseutvikling, faglege nettverk og forskingstid. Tid til forsking er eit knapt gode i musea, og få har forsking som ein del av sin stillingsbrøk og generelt blir det rapportert om vanskar med

¹ Bymuseet i Bergen (BYB), Hardanger og Voss museum (HVM), Kraftmuseet (KM), Musea i Sogn og Fjordane (MiSF), Museum Vest (MV), Museumssenteret i Hordaland (MUHO), Nynorsk kultursentrums (NNKS) og Sunnhordland Museum (SHM). Dei to siste musea i Vestland underlagt KUD er ikkje deltagarar i prosjektet (KODE kunstmuseer og komponisthjem og Baroniet i Rosendal).



å få til konsentrert eller skjerma tid til å skrive. Derimot er terskelen lågare for å bruke tid på møter, seminar og konferansar.

Rapporten viser samla sett at musea i Vestland er opptekne av å utvikle seg som forskande institusjonar. Viljen til forsking som kan sporast i både leiing og mellom tilsette støyter samstundes på strukturelle hindringar. Nokre av desse handlar om intern koordinering og reell prioritering og om å utvikle ei sams forståing av kva forsking krev av tid og kompetanse. Andre forhold er av ein slik art at det krevst endringar i dei ytre rammene. Dette gjeld både løysningar på avdekka problema, men òg styrkinga av det som fungerer, som vil krevje ytre tilrettelegging og utvikling av meir robuste museale forskarfellesskap.

Vi vil takke Elisabet Janssen, som har vore tilsett som prosjektmedarbeidar, for gjennomføring av sjølve spørjeundersøkinga og utarbeiding av utkast til rapporten. Vi vil òg takke alle dei som tok seg tid til å svare på undersøkinga, og såleis har bidratt til eit rikt materiale til denne rapporten.

Med utgangspunkt i kartlegginga vil musea i Vestland ha eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast både som diskusjonsgrunnlag og som verktøy for ei meir målretta utvikling av musea i Vestland som særprega forskande institusjonar.

Sandane/Bergen/Norheimsund, mars 2023

Thomas Michael Walle

Årstein Svhuis

Heidi Richardson



Materiale og metode

Spørjeundersøking

Vi har nytta det digitale spørjeundersøkingsverktøyet SurveyMonkey i våre undersøkingar. Det er sendt ut eigne spørjeundersøkingar til øvste leiar ved kvart museum og eigne undersøkingar til tilsette som på eit eller anna vis er involvert i forskingsaktivitet. I tillegg sendte vi ut ei spørjeliste (som ikkje var anonym) for å kartlegga konkrete forskningsresursar som kan delast mellom musea. Svara på desse undersøkingane er samla inn i februar/mars 2022.

Spørjeundersøking til tilsette

To spørjeundersøkingar vart sendt ut til tilsette ved musea via kvart museum sin kontaktperson for prosjektet. Dei har blitt bedt om å vidaresende undersøkinga til tilsette som forskar eller har forskarkompetanse. Heile 74 tilsette har svart på den anonyme spørjeundersøkinga, 75 tilsette² har fylt ut forskar-CV med formål om kartlegging av kompetanse. I utgangspunktet hadde vi rekna med at vi ville få svar frå om lag 30 tilsette, og tal svar er såleis langt høgare enn den samla forskingskompetansen som var vurdert på førehand. Vi kjem tilbake til dette i samband med musea sine syn på kva som er forskingskompetanse.

Spørjeundersøking til øvste leiar ved kvart museum

Ei spørjeundersøking vart sendt ut til øvste leiar ved dei åtte musea som deltek i prosjektet. Av desse har seks museum³ svart. Eit av svara er ikkje fullstendig.⁴

Tilbakemeldingar / Svakheiter

Nokre svakheiter i undersøkinga har blitt avdekkja undervegs. Under forskarseminaret i Bergen i mars 2022 var det høve til å gi tilbakemeldingar, og desse er tatt omsyn til i denne rapporten. Spesifikke tilbakemeldingar er diskutert i samband med tema dei gjeld. Summert opp tar vi sjølvkritikk på at ikkje alle spørsmåla har eit alternativ for «veit ikkje» eller «ikkje relevant».

Det er også en svakheit at fleire av museumsleiarane ikkje har svart på heile eller deler av spørjeundersøkinga. På nokre felt har vi kunne finne relevant informasjon i planar og årsmeldingar, til dømes om musea si forståing av viktige forskingsomgrep. På andre felt er det eit større problem. Det at vi manglar svar frå fleire leiarar svekker samanlikningsgrunnlaget når vi vurderer tilsette og leiinga sine svar opp mot kvarandre. Vi har forsøkt å ta omsyn til dette undervegs.

² To personar har svart to gangar. Svara deira er samla.

³ Hardanger og Voss museum, Kraftmuseet, Musea i Sogn og Fjordane, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og Nynorsk Kultursentrum.

⁴ Musea i Sogn og Fjordane har svart til og med spørsmål 13.



Planar og årsmeldingar

Vi har fått tilgang til og gjennomgått nyaste forskningsplanar⁵ frå sju av åtte museum og strategiplanar⁶ frå alle åtte musea omfatta av kartlegginga. Dei har blitt nytta i den grad dei kan utfylle svar og manglande svar frå leiinga ved kvart museum, og for å få ei betre oversyn over rammevilkåra for forsking. Merk at nokre forskningsplanar er eldre enn andre.

Forståing av sentrale forskingsomgrep

For å kartlegge forskingskompetanse og -ressursar i musea i Vestland har det vore naudsynt å først skaffe oversyn over museas sitt syn på museumsforskning og eiga forsking. Omgrepa forsking, forskingskompetanse og forskingstid er sentrale i prosjektet. Øvste leier ved kvart museum har difor fått spørsmål om kva dei legg i omgrepa. I den grad det har vore mogleg er svara samanlikna med forskningsplanar, strategiplanar og museumsdrifta. Ettersom ikkje alle musea har svart på spørjeundersøkinga har vi henta ein del svar i planane til musea.

Forsking

For å kartlegge musea sin forståing av forsking, har vi undersøkt forskningsplanane deira og stilt spørsmålet «Kva legg museet i omgrepet forsking?» i spørjeundersøkinga til øvste leiar. Seks av sju forskningsplanar definerer forsking og seks av åtte museum har svart på spørjeundersøkinga. Eitt museum har verken svart på spørjeundersøkinga eller lagt fram vedteken forskingsplan.⁷

Fire av musea refererer til etablerte forskingsomgrep i sine eigne forskingsplanar. Både Bymuseet i Bergen (BYB)⁸ og Hardanger og Voss Museum (HVM)⁹ visar til Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD)¹⁰ sin definisjon av forsking og utvikling (FoU). «Forskning og utvikling er kreativ virksomhet som utføres systematisk for å oppnå auka kunnskap – herunder kunnskap om mennesket, kultur og samfunn – og omfatter også bruken av ny eller eksisterende kunnskap til å finne nye anvendelser».¹¹ Begge musea legg særleg vekt på at forsking er kreativ verksemd som vert utført systematisk for å oppnå kunnskap.

Kraftmuseet (KM) nyttar FoU-omgrepet til OECD ved å skilje mellom grunnforskning, anvendt forsking og utviklingsarbeid.¹² Dei stadfestar at dei to sistnemte er dei som er relevante for forskinga deira:

⁵ Musea i Sogn og Fjordane, «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024», red. (2022); Museum Vest, «Museum Vests forskningsplan 2022-2025», red. (2022); Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022», red. (2018); Museumssenteret i Hordaland, «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023», red. (2018); Kraftmuseet, «Forskningsplan», red. (2018); Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018», red. (2014); Nynorsk kultursentrums, «Langtidsplan for forskning 2020-2022», red. Sunnhordland Museum opplyser om at ein forskningsplan er under arbeid, men ikkje er ferdig.

⁶ Museum Vest, «Museum Vest - Strategisk veikart 2021-2025», red. (2021); Sunnhordland Museum, «Strategi for Sunnhordland Museum», red. (2021); Hardanger og Voss museum, «Strategisk plan 2018-2022», red. (2020); Bymuseet i Bergen, «Strategi 2020-2023», red. (Bymuseet i Bergen, 2019); Museumssenteret i Hordaland, «Strategi 2020-2021», red. (2019); Nynorsk kultursentrums, «Språk, kultur og kunnskap til heile landet - Strategisk plan for Nynorsk kultursentrums 2020-2025», red. (2019); Kraftmuseet, «Strategisk plan 2019-2024», red. (2018); Musea i Sogn og Fjordane, «Strategiplan 2018-2021», red. (2018).

⁷ Vi manglar definisjon frå Sunnhordland Museum. Dei arbeider i skrivande stund med ny forskningsplan.

⁸ Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018», 5.

⁹ Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022», 4.

¹⁰ OECD, «Frascati Manual 2015: Guidelines for Collecting and Reporting Data on Research and Experimental Development», i *The Measurement of Scientific, Technological and Innovation Activities*, red. (Paris2015).

¹¹ NIFU, «Utdrag fra OECDs "Frascati Manual" i norsk oversettelse », red. (Oslo2004), 9.

¹² Kraftmuseet, «Forskningsplan», 6. Elisabeth Josefine Lackner, «Forskning», <https://snl.no/forskning>.



Grunnforsking. Eksperimentell eller teoretisk verksemד som primært vert utført for å skaffa ny kunnskap om det underliggende grunnlaget for fenomen og observerbare fakta, utan sikt på spesiell bruk.

Anvendt forsking. Verksemد av original karakter som vert utført for å skaffa til vegar ny kunnskap. Slik forsking er primært retta for praktiske mål og praktisk bruk.

Utviklingsarbeid. Systematisk verksemد som brukar eksisterande kunnskap frå forsking og praktisk erfaring, og som er retta mot å framstilla nye eller vesentlege betra materiale, produkt eller innretningar, eller å innføra nye eller vesentleg betra prosessar, system og tenester.

Museum Vest (MV) definerer forsking som «den typen aktivitet der forskningskompetansen blir organisert med det formål å utforske originale problemstillingar som er av interesse og nytte for eit breiare fagfellesskap», og viser vidare til eit forskingsomgrep basert på dei tre dimensjonane originalitet, transparens og gyldigheit.¹³

Dei to siste musea som har definert forsking i sine forskingsplanar viser ikkje til eksterne eller overordna forskingsomgrep. Museumssenteret i Hordaland (MUHO) definerer forsking som «et systematisk arbeid for å belyse klart definerte problemstillingar, etablere ny kunnskap, og sette kunnskap i sammenheng med oppdatert forskningslitteratur».¹⁴ Nynorsk kultursentrum (NNKS) krev at forskinga skal ha ei klar problemformulering som følgjer opp museets mål om kunnskapsproduksjon. «Kunnskapsproduksjonen skal vere basert på vitskapleg metode, ha teoretisk forankring, ha dokumentert kjeldebruk og følgje vitskaplege krav til referansar».¹⁵

Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) definerer ikkje forsking i sin eigen forskingsplan, medan Sunnhordland Museum (SHM) ikkje har ein forskingsplan per i dag.

I spørjeundersøkinga har leiinga ved musea blitt spurt om kva musea legg i omgrepet forsking. Av dei seks som har svart gir tre ganske generelle svar. MiSF og MV legger vekt på forsking som kunnskapsutvikling. NNKS viser til omgrepet i eigen forskingsplan, som også fokuserer på kunnskapsutvikling.

HVM, KM og MUHO gir meir konkrete svar knytt til museumsdrift med fokus på eiga samling og verksemđ. Som påpeika av Brenna-utvalet er dette òg ein måte å skjøne museumsforskinga sitt særpreg på som har vore tillagt vekt i policydokument om sektoren dei siste tiåra.¹⁶ Sitata nedanfor syner korleis forskingsformålet blir forstått mellom musea i Vestland.

*A. Utvikle kunnskap med eit føremål om formidling gjennom utstilling, artikkel, foredrag osv. B. Utvikle kunnskap for å kunne restaurere bygningar, fartøy og båtar. C. Utvikle kunnskap om ein gjenstand, ein gjenstandskategori, eit handverk eller anna immaterielt uttrykk med tanke på seinare formidling eller generell kunnskapsbygging.*¹⁷

*Bruka museet og andre sine kjelder til å skaffa ny, relevant og kvalitetssikra kunnskap om våre tema, som eigne prosjekt og i samarbeid med andre.*¹⁸

¹³ Museum Vest, «Museum Vests forskningsplan 2022-2025,» 4.

¹⁴ «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023,» 3-4.

¹⁵ «Langtidsplan for forskning 2020-2022,» 2.

¹⁶ Utvalg for museum og forskning, «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre,», red. (Kulturdepartementet, 2021), 13.

¹⁷ Hardanger og Voss museum

¹⁸ Kraftmuseet.



Utvikling av ny og relevant kompetanse om samlingane og tematikken som grunnlag for formidling.¹⁹

BYB, MUHO, KM og HVM tar i sine forskningsplanar opp problemstillinga om forsking ved musea er noko anna enn forsking ved universitet, høgskular og andre forskingsinstitusjonar. Alle skriv at det ikkje er eller skal vere nokon prinsipiell eller kvalitativ forskjell.²⁰

Summert opp knyter både HVM, KM, MUHO, MV og NNKS forskinga si tett til anvendt forsking og utviklingsarbeid. På forskjellig måte gir dei uttrykk for at forskinga skal ha direkte relasjon til og innverknad på samlingane, men også kunnskapsproduksjonen og fagområda deira. Musea i denne undersøkinga utfordrar ikkje etablerte forskingsomgrep, men er opptekne av at forskinga skal vere til nytte for eige samlings- eller formidlingsarbeide. Forskinga ved musea i Vestland ser altså ut til å være som KM gjer tydeleg – å dreie seg om anvendt forsking og utviklingsarbeid.

Forskningskompetanse

Frå eit overordna perspektiv tar alle musea utgangspunkt i formell kompetanse når dei tar for seg omgrepet forskningskompetanse. I følgje Kulturdirektoratet (KD)²¹ vil formell forskningskompetanse i musea tyde doktorgrad eller autorisasjon som førstekonservator (NMF) eller konservator (NMf). Kulturdirektoratet nyttar desse tre kategoriane i vurderinga av musea sin forskningskompetanse fordi dei inneber formaliserte godkjenningsprosessar.²²

MiSF stadfestar i sin forskingsplan at dei i 2021 hadde seks tilsette med forskarkompetanse, og viste til nettopp KD sine kategoriar.²³ Øvste leiar har ikkje svart på korleis museet forstår omgrepet forskningskompetanse i spørjeundersøkinga.

Dei andre musea utvidar omgrepet til å omfatte meir enn formell forskningskompetanse, i forskjellig grad.

Nokre legg vekt på realkompetanse. MV er eit av dei.²⁴ I tillegg til å følgje KD sine kriterium inkluderer dei tilsette med master eller tilsvarende som har bidratt med vitkapeleg publisering etter avslutta utdanning. Tilsette med mastergrad eller tilsvarende som ikkje har publisert vitkapelege arbeider blir ikkje rekna som ein del av forskingskompetansen ved museet. I spørjeundersøkinga til øvste leiar svarar MV at museet forstår omgrepet forskingskompetanse som kunnskap om korleis ein skal drive forsking.

Dei andre som legg forskningskompetanselista på omtrent same nivå definerer ikkje dette like tydeleg, men nemnar ofte utdanning på mastergrad-/hovudfagsnivå i både forskningsplanar og spørjeundersøkinga til øvste leiar. MUHO nemnar forskningskompetanse fleire gonger i sin forskingsplan utan å definere kva dei legg i omgrepet.²⁵ I spørjeundersøkinga seier dei at forskningskompetanse «[k]lever formell utdanning. PhD, Mastergrad, konservator.»

Resten av musea inkluderer tilsette med formell kompetanse, utdanning på mastergradsnivå og realkompetanse blant sin forskingskompetanse. HVM definerer ikkje forskingskompetanse i forskningsplanen, men påpeiker at det finst «mykke forskingskompetanse og vilje» blant ein tilsett med doktorgrad, åtte tilsette med mastergrad/hovudfag og eit uvisst tal tilsette med real- og

¹⁹ Museumssenteret i Hordaland.

²⁰ Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018,» 5; Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022,» 4; Kraftmuseet, «Forskningsplan,» 6; Museumssenteret i Hordaland, «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023,» 3-4.

²¹ Det rådgivande organet til Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD).

²² Norsk kulturråd, «Museene i 2019,», red. (2020), 6.

²³ Musea i Sogn og Fjordane, «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024,» 5.

²⁴ Museum Vest, «Museum Vests forskningsplan 2022-2025,» 11.

²⁵ Museumssenteret i Hordaland, «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023,»



fagkompetanse.²⁶ I spørjeundersøkinga legg dei vekt på at dei på grunn av fagfelta museet jobbar med er avhengige av ein kombinasjon av formal- og realkompetanse for å drive forsking. På liknande vis omtalar BYB både formell fagkompetanse og formell forskingskompetanse.²⁷

KM sa i 2018 at dei mangla tilsette med formell forskingskompetanse²⁸, men svarer meir generelt på spørsmålet om korleis dei forstår forskingskompetanse i spørjeundersøkinga: «Kompetanse til å handtera, prosessera, analysera og systematisera informasjon og presentera resultata av dette etterretteleg». Også NNKS synar å ha ei open forståing av forskingskompetanse samstundes som dei definerer museets mål om å legge til rette for at tilsette skal kunne søkje PhD-utdanning og å rekruttere tilsette med autorisasjon som konservator (NMF) og Førstekonservator (NMF).²⁹

Både i spørjeundersøkinga og i musea sine forskingsplanar kjem det altså fram eit tvetydig syn på kva forskarkompetanse er. Formalkompetanse har fått sin definisjon gjennom Kulturdirektoratets rapporteringspraksis, men for dei fleste musea vert dette kompetanseomgrepet for trongt. Dei fleste musea inkluderer tilsette med mastergrad i sin forskarstab, og fleire museum inkluderer også tilsette utan høgare utdanning, men med realkompetanse innan museets tematiske interessefelt i sin forskarstab.

Forskingstid

Av totalt åtte deltakarmuseum i prosjektet, har fem av musea sine leiarar svart på spørsmålet om kva museet legg i omgrepet forskingstid. I svara, som er korte, legg dei alle vekt på avskjerma eller tilrettelagt arbeidstid med høve til å gjere forskingsarbeid. Undersøker vi i tillegg dei sju tilgjengelege forskingsplanane, er det to faktorar som går igjen hos dei fleste når det er snakk om forskingstid: Kva ein kan nytta forskingstid til og kven som har rett på forskingstid.

Alle som har svart på spørjeundersøkinga omtalar forskingstid som arbeidstid satt av til forsking, fleire peiker på at det krev skjerming frå andre oppgåver ettersom dei tilsette som forskar også har andre oppgåver. Forskingstid er noko musea må legge til rette for i samband med museets normale drift og dei tilsette sine andre oppgåver,³⁰ og blir gjerne omtalt i synergi med samlingar, utstillingar og dokumentasjonsarbeid.³¹ Som vi skal komme attende til, er det få museum som har formalisert forskingstid.

Forskingstid vert i musea forstått som tid som er satt av til forsking, og dette vert altså forstått som noko anna enn formalisert forskingstid.

Oppsummering

I gjennomgangen av dei tre omgropa *forsking*, *forskingskompetanse* og *forskingstid* kjem det til syne nokre interessante særtrekk knytt til forståinga av forsking i musea.

Forskningsomgrepet dei fleste museum knyter an til ligg tett opp til det ein kallar anvendt forsking. Ein ønskjer forsking som tek utgangspunkt i dei tema museet jobbar med eller dei problemstillingar ein møter på i museet sitt arbeide med forvaltning og formidling.

Forskingskompetanse vert i dei fleste musea forstått bredt. Det er fleir enn dei med formell forskarkompetanse i samsvar med Kulturdirektoratets definisjon som vert oppfatta som

²⁶ Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022», 6.

²⁷ Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018», 2.

²⁸ Kraftmuseet, «Forskningsplan», 7.

²⁹ Nynorsk kultursentrums, «Langtidsplan for forsking 2020-2022», 3.

³⁰ Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018», 3; Musea i Sogn og Fjordane, «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024», 7.

³¹ Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022», 6-7.



bidragsytalar i musea si forsking. I særleg grad gjeld dette tilsette med mastergrad, men utan autorisasjon som konservator NMF. Vidare er realkompetanse i fleire av musea løfta som sentral i drøfting av tilgjengeleg forskarkompetanse.

Formalisert forskingstid er som oftast knytt til formell forskarkompetanse. Det at forskingskompetansen vert definert bredd er kanskje med på å forklare kvifor omgrepet forskingstid for dei fleste museum vert forstått som noko heilt anna enn formalisert forskingstid.

Omgrepsgjennomgangen speglar at musea er særeigne forskingsinstitusjonar. Dei som jobbar med forsking har ofte også andre krevjande arbeidsoppgåver, dei har ikkje nødvendigvis forskarutdanning og målet med forskinga kan vere knytt til formidling eller forvaltning. Kva for konsekvensar dette bringer med seg vil verta synleg frametter i denne rapporten.

Forskningsresultat ved musea i Vestland 2017-2021

Kva har musea produsert av forsking dei siste fem åra, både i følgje forvaltinga og dei sjølv?

Bymuseet i Bergen er i skrivande stund i ferd med å utarbeide ein ny forskingsplan. Planen vi har tilgjengeleg er difor frå 2015-2018. Der er det lagt vekt på forskingsområde og samarbeid både internt og eksternt. Dei hadde også som mål å etablere gode interne diskusjonsarenaer og legge til rette for forskarutdanning blant dei tilsette. Vi har berre ei årsmelding frå Bymuseet (2020).³² Der kjem det fram at det både blei arrangert eit internt seminar og at eit forskings- og formidlingsprosjekt om nyare byhistorie var i gang på tvers av avdelingane. Der blir også eit større eksternt samarbeidsprosjekt nemnt. Forskningsprosjektet skal føre til ei utstilling. Bymuseet har ikkje levert fagfellevurderte publikasjonar i perioden 2017-2021.

HVM sin forskingsplan dekker perioden 2018-2022.³³ HVM fokuserer på å samle museet sin forskingskompetanse til seminar eit par gonger i året, og satsar på auka samarbeid med eksterne aktørar gjennom ulike nettverk. Museet nemnar fleire pågående forskingsprosjekt, nokre eksternt finansierte. I tråd med eigen visjon om at forsking skal finne stad bredt i organisasjonen, vart ein fagfellevurdert artikkel publisert av ein tilsett med realkompetanse i 2021. Denne var ikkje knytt til pågående eller planlagde forskingsprosjekt, men eit resultat av deltaking på MUSE-kurs.³⁴ Elles rapporterer HVM om mindre forskningsaktivitet enn uttalt ønska mellom 2018 og 2020.³⁵ I årsmeldinga for 2020 skriv HVM at det har skjedd mykje kunnskapsutvikling og dokumentasjon som diverre ikkje er målbar fordi den ikkje har ført med seg fagfellevurderte publikasjonar.³⁶

I sin forskingsplan frå 2018 legg KM vekt på forsking på eiga samling og ved hjelp av eksterne samarbeid, spesielt med Universitetet i Bergen.³⁷ Planen inneheld lister over aktuelle og potensielle forskingsprosjekt. KM rapporterte å være i gang med tre forskingsprosjekt i 2017 som haldt fram i 2019. Eitt av desse førte til ein fagfellevurdert artikkel i 2020. KM ble også invitert inn i eit internasjonalt samarbeidsprosjekt med blant anna Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i 2018. Prosjektet førte ikkje til forsking eller publisering, men rapporterast å ha vore bra for forskingsnettverksbygginga til museet. I 2020 deltok KM i nok eit FoU-prosjekt med NVE. Same år innleia museet eit prosjekt knytt til Boliden Odda sitt jubileum, med ambisjon om å gi ut

³² Bymuseet i Bergen, «Årsrapport», red. (Bymuseet i Bergen, 2020).

³³ Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022».

³⁴ MUSE-kurs er eit vidareutdanningstilbod ved UiB retta mot museumstilsette: MUSE 620 «Å forske i og på museum» og MUSE 621 «Vitskapleg publisering for museumstilsette»

³⁵ «Årsmelding», red. (2020); «Årsmelding», red. (2019); «Årsmelding», red. (2018).

³⁶ «Årsmelding», 17.

³⁷ Kraftmuseet, «Forskningsplan».



ei bok av høg historiefagleg standard. Museet har engasjert ein historikar med formell forskarkompetanse som forfattar for boka.³⁸

Frå MiSF har vi ein heilt ny forskningsplan som gjeld frå 2022-24. Museet har gått igjennom ei omorganisering og forskningsplanen skal reflektere den nye strukturen i organisasjonen. Planen setter også mål på grunnlag av «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland», først og fremst med omsyn til å auke forskingskompetansen på både individuelt og institusjonelt nivå. Museet skildrar eit generasjonsskifte og korleis talet tilsette med formell forskarkompetanse er halvvert sidan 2018.³⁹ Generasjonsskiftet er synleg i korleis MiSF gjekk frå å publisere to til fire fagfellevurderte artiklar i året til null i 2020 og 2021, sjølv om både interne og eksterne forskningsprosjekt held fram.⁴⁰ I årsrapportane frå 2017-2019 er tid og prioriteringar ei problemstilling knytt til forsking, sjølv med det høgaste produksjonstempoet for fagfellevurderte publikasjonar blant musea i Vestland. Museet hadde fleire interne og eksterne forskningsprosjekt på gang i dei fem åra, og fleire av dei fagfellevurderte publikasjonane er utgitt med utgangspunkt i pågåande forsking ved Norsk Kvernsteinsenter.⁴¹

MV sin forskningsplan er også heilt ny og gjeld frå 2022-25. Den er også prega av eit ønske om kompetanseheving, auka produksjonstempo og betre forskningsinfrastruktur.⁴² Kompetanseheving er gjennomgåande i museet sine årsmeldingar frå 2017-2022, både med tanke på å sørge for å auke den formelle forskarkompetansen internt og med tilsetting av nye forskarar. Årsmeldingane i perioden meldar om ein tilsett med 50% finansiering frå NFR av sitt doktorgradsprosjekt (offentleg phd.) ved UiB, samt ein tilsett som arbeida med ei doktoravhandling finansiert av museet. Begge prosjekta var innafor museet sine forskingsområde. I 2019 blei Bergen Sjøfartsmuseum konsolidert med MV og førte i følgje styret med seg auka forskingskompetanse og aktivitet. Talet på fagfellevurderte publikasjonar heldt seg på same nivå både før og etter konsolideringa, men årsmeldinga frå 2021 visar at satsinga dei føregåande åra har bore frukter i form av disputas og vidare at seks fagfellevurderte publikasjonar er levert eller på veg etter at fleire interne prosjekt og eksterne samarbeidsprosjekt nærma seg ferdigstilling. Ein fagfellevurdert artikkel frå 2019 var eit direkte resultat av deltaking på MUSE-kurs, mens ein til var på trappane i 2021.⁴³

I MUHO sin forskningsplan for 2018-2023 står det at museet har som mål å auke publiseringssraten i fagtidsskrift med minst 2 i året innan 2023, og elles auke både forskingskompetanse og -produksjon i planperioden. Ei rekke konkrete tiltak blei innført.⁴⁴ Frå 2018-2021 deltok fleire tilsette på MUSE-kurs, noko som leda til ein fagfellevurdert artikkel i 2020. Museet deltok også i ei mengde eksterne forskingsprosjekt innan sine eigne satsingsområde. I årsmeldinga for 2020 evaluerte museet seg sjølv i lys av eige planverk og kom fram til at dei framleis trengte å auke både forskingskompetansen og samarbeidet med eksterne aktørar. I 2021 møtte dei målet om publisering, samstundes som ein tilsett fullførte doktorgrad.⁴⁵

³⁸ «Årsrapport,», red. (2017); «Årsrapport,», red. (2018); «Årsrapport,», red. (2019); «Årsrapport,», red. (2020); «Årsrapport,», red. (2021).

³⁹ Musea i Sogn og Fjordane, «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024,» 4.

⁴⁰ Se vedlegg 1.

⁴¹ Musea i Sogn og Fjordane, «Årsrapport 2017,», red. (2018); «Årsrapport 2018,», red. (2019); «Årsrapport 2019,», red. (2020); «Årsrapport 2020,», red. (2021).

⁴² Museum Vest, «Museum Vests forskningsplan 2022-2025,».

⁴³ «Årsmelding Stiftelsen Museum Vest,», red. (2017); «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest,», red. (2018); «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest,», red. (2019); «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest,», red. (2021); «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest,», red. (2020).

⁴⁴ Museumssenteret i Hordaland, «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023,».

⁴⁵ «Årsmelding 2018,», red. (2018); «Årsmelding 2019,», red. (2019); «Årsmelding 2020,», red. (2020); «Årsmelding 2021,», red. (2021). Se også vedlegg 1 for publikasjonar.



NNKS sin forskningsplan dekker åra 2020-22, men setter mål heilt fram til 2025. Desse går ut på å auke den formelle forskingskompetansen, sette av tid og ressursar, samt initiativ til eksterne forskningssamarbeid og forsking på relevante emne.⁴⁶ Dei melder om ei stor mengd forskings- og dokumentasjonsprosjekt i perioden 2017-2021, men betrakteleg lågare publiseringssrate når det kjem til fagfellevurderte publikasjonar. Dei satsa i perioden på kompetanseauke, mellom anna motivert av lønnsauke ved kvalifisering til formell forskarkompetanse. Talet på både fagfellevurderte publikasjonar og tilsette med formalkompetanse auka jamt frå 2018-2020.⁴⁷

SHM har ikkje forskningsplan og har heller ikkje rapportert om forskningsaktivitet eller fagfellevurderte artiklar mellom 2017-2021. I 2019 meldte dei til Kulturdirektoratet av dei mangla både ressursar og verktøy til å møte utfordringar med samlingsforvalting.⁴⁸ Det at dei er i ferd med å utvikle ei forskningsplan tyder likevel på at forsking er på agendaen.⁴⁹

Summert opp er det nokre tendensar som ser ut til å ha ført til auka forskningsproduksjon i musea.

Av dei 14 tilsette som har levert fagfellevurderte publikasjonar i perioden 2017-2021, har fire ikkje formell forskarkompetanse, i tydinga som Kulturdirektoratet legg til grunn.⁵⁰ Deltaking på dei såkalla MUSE-kursa har leda til at tilsette utan slik forskarkompetanse har levert fagfellevurderte publikasjonar ved fleire museum. Dei er tilsette ved HVM, NNKS og MUHO. HVM og NNKS har som tidlegare nemnt også eit breiare syn på forskingskompetanse. Fagfellevurderte publikasjonar ved MV og MiSF er berre skrive av forfattarar med formell forskarkompetanse. MV og MiSF har jobba aktivt for auke den formelle forskingskompetansen og sørge for autorisasjonar, mens HVM og NNKS kanskje kunne ha oppnådd det same om dei oppmuntra tilsette til å søkje autorisasjon.

Eit interessant funn er at fleire av musea reknar både dokumentasjon og utstillingar som viktige ledd i forskingsprosessen. Sidan rapportar, katalogar og utstillingar per i dag ikkje er målbare forskingsresultat frå forvaltingas side, blir det ein ubalanse med omsyn til den kunnskapsproduksjonen og fagutviklinga som skjer ved musea utan å bli «målt». Mange av musea publiserer mykje, enkelte veldig mykje, men fagfellevurderte publikasjonar er det ikkje så mange av. Kva hadde skjedd om alle musea i Vestland utvikla forskingsstrategiar meir like MV og MiSF? Mange av musea har heilt tydeleg kapasitet til å publisere og ser på sine tilsette som kompetente til å forske, og dei produserer viktig og nødvendig kunnskap om eiga samling og eigne fagområde, men veljar bort publikasjonar på formalisert forskingsnivå. Dette blir problematisert av både forvaltinga og musea sjølv.⁵¹ «I diskusjonen rundt forskning ved museene har et tilbakevendende spørsmål vært hvordan man skal kunne anerkjenne kunnskapsutvikling som sentralt for museene og samstundes si at bare noe av den praksisen kan anerkjennes som forskning».⁵²

Ein annan interessant faktor er samanhengen mellom eksterne forskingssamarbeid og publiseringssrate. Det er ein klar samanheng mellom stor eller aukande publiseringssrate og stor fokus på kompetanseauking gjennom samarbeid med eksterne institusjonar og nettverk.

⁴⁶ Nynorsk kultursentrums, «Langtidsplan for forsking 2020-2022»,.

⁴⁷ «Årsmelding 2020», red. (2020); «Årsmelding 2021», red. (2021); «Årsmelding og rekneskap 2017», red. (2017); «Årsmelding og rekneskap 2018», red. (2018); «Årsmelding og rekneskap 2019», red. (2019).

⁴⁸ Norsk kulturråd, «Museene i 2018», red. (2019), 142.

⁴⁹ Linda Øen, personlig kommunikasjon, 16. februar 2022.

⁵⁰ Vedlegg 1.

⁵¹ Utvalg for museum og forskning, «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre», 25; Hanne Heen og Robert Salomon, «Forskning om museer og arkiv. En evaluering av et forskningsprogram i regi av Kulturdirektoratet», red. (Norsk kulturråd, 2013).

⁵² Utvalg for museum og forskning, «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre», 12-13.

Eit siste poeng som er verdt å merke seg er at leiinga ved MUHO, MV og NNKS er dei som svarar at dei har formell forskarkompetanse i styret og/eller på mellomleiarnivå, og desse musea er tre av fire med høgast produksjonsnivå kva gjeld fagfellevurderte artiklar (Tabell 3).⁵³

Oppsummering

Mykje godt fagarbeide ved musea fell utanfor det som vert definert som forsking. Med ekstra innsats og oppfølging kan slike arbeid verta fagfellevurderte artiklar, og slik bli målbore som del av museas forskingsarbeid. Dei fleste fagfellevurderte artiklane er skrevet av tilsette med formell forskarkompetanse. Dei døma vi har syner at MUSE-kursa har stimulert til auka forskningsproduksjon, også blant folk utan formell forskarkompetanse, men erfaring frå studieemna syner at suksessfaktoren er knytt til samverknad mellom individuell motivasjon og institusjonell tilrettelegging.⁵⁴

Rammevilkår for forsking ved musea i Vestland

Kva rammevilkår har dei tilsette i musea i Vestland for å forske? I denne delen av kartlegginga har vi undersøkt både den formelle og reelle forskingskompetansen i musea, kva motivasjon og forventingar både leiing og tilsette har til forsking, og kva rom dei tilsette har for å forske.

Leiinga sitt syn på musea sin forskingskompetanse

I spørjeundersøkinga har øvste leiari ved musea svart på kva slags kompetanse dei som jobbar med forsking faktisk har. Alle musea som har svart seier at dei har tilsette med doktorgradsutdanning, mastergradsutdanning og/eller erfaring med å skrive fagartiklar og bøker. Eit mindretal har tilsette med konservatorautorisasjonar. Vidare svarar eit museum at dei ynskjer at flest mogleg skal involverast i forskinga ved museet, og to andre museum peikar på at dei har tilsette som er undervegs i ei mastergradsutdanning eller som har deltatt på forskarkursane for museumstilsette ved Universitetet i Bergen (MUSE).




Diagram 1: Spørsmål 15 til øvste leiari ved musea.

⁵³ Også MiSF, som er blant museet med høgt produksjonsnivå, har forskingskompetanse på leiarnivå, men spørsmålet er ikkje besvart i undersøkinga.

⁵⁴ Fjell, Rymin og Ågotnes (2020): «Vil man ha forskning i museene?: museumspolitiske mål og hindringer for forskningsarbeid», *Nordisk museologi* 29(2), 26-40

I tillegg har leiinga blitt spurt om forskningskompetanse er representert i styret, øvste leiing, på mellomleiarnivå og innan forvaltning, forsking og formidling. Blant dei som har svart at dei har forskningskompetanse i styret har to av musea formell forskningskompetanse etter Kulturdirektoratet sine kriterium. Det same gjeld øvste leiing. På mellomleiarnivå og innan forsking, forvaltning og formidling svarar leiarane overordna at forskningserfaringa er til stades.

Sjølv om museumsleiingane i denne undersøkinga alle ser ut til å meine at forsking ved musea ikkje skil seg frå anna forsking, og dei har ei klar forståing av formell forskningskompetanse, visar spørjeundersøkingane i denne kartlegginga at dei i praksis har eit meir omfattande syn på kva føremålet med forskinga er og på kven som både kan og skal forske. Det er ein tendens til å legge vekt på nytteverdien forskinga har for andre museumsfaglege oppgåver, slik som dokumentasjon, gjenstandskontekst, utstillingsarbeid og anna formidling.. Det kan forklare at mange tilsette utan formell forskarkompetanse, men med ansvar innan formidling og samlingsforvalting, opplever at dei både kan og bør forske. Det har også kome fram at musea verdsett realkompetansen i musea høgt, og ynskjer at forskinga skal ha breidde i organisasjonen. Kva seier dette om synet på formell forskningskompetanse?




Diagram 2: Spørsmål 16-19 til øvste leiari ved musea.

Forskningskompetanse blant respondentane i spørjeundersøkinga til dei tilsette

Talet på respondentar er interessant i seg sjølv, det seier noko om kor mange som faktisk tenker at dei anten driv eller burde drive med forsking. Ei stor overvekt av desse har ikkje formell forskarkompetanse. Av dei 75 tilsette som har fylt ut forskar-cv (vedlegg 4) og anonym spørjeundersøking (vedlegg 3), er det berre ein liten del som har formell forskarkompetanse etter KD sine kriterium. Dette gjeld alle musea uavhengig av deira definisjon på og forståing av forskningskompetanse. Vi fekk fleire respondentar en forventa, og dette kan seie noko om dei tilsette sitt syn på forskningskompetanse.




Diagram 3: Forskar-CV, spørsmål 2-4.




Diagram 4: Forskar-CV, spørsmål 3.

Som ein ser av diagrammet om høgaste fullførte utdanning blant respondentane har det store fleirtalet master/hovudfag/magistergrad, mens det faktisk er fleire med bachelorgrad eller anna utdanning enn dei med doktorgrad, noko som truleg reflekterer kva tankar musea har om naudsynt kompetanse for å nå forskningsambisjonane.

Stillingstitlar, synleggjering av kompetanse og kompetansestrategiar

Øvste leiing har blitt stilt fleire spørsmål knytt til fagstillingar og tilsetting av folk med utdanning på minst masternivå. Fem av musea har svart på desse spørsmåla, og det er nokre interessante tendensar å trekke ut.

Leiinga har blitt spurde om kva slags fagstillingar musea nyttar. Eitt av musea nyttar forskar og konservator. Eitt anna museum svarar at dei tilset i høve tariffavtalen. Dei andre nyttar typisk fag- og formidlingsleiar, rådgivar og forskjellige typar fagkonsulent og arkivar.

Berre eitt av musea svarar at dei synleggjer forskingsoppgåver eller -ansvar i stillingsnemningar og -typar. På spørsmål om museet nyttar museumstitlar (konservator/førstekonservator NMF), titlar (t.d. kulturvitar) og/eller akademisk grad (t.d. PhD) i forskjellige høve er svara som følgjer under.




Diagram 5: Spørsmål 22 til øvste leiar ved musea.

Vi kan gjere eit djupare dykk i musea sin synleggjering som kunnskapsinstitusjon på deira heimesider. Tre museum har lista opp tilsette og samstundes oppført titlane deira på sine heimesider.⁵⁵ Fire museum har lista opp tilsette, men ikkje titlar eller grad på sine heimesider.⁵⁶ Eitt museum har ikkje lista opp tilsette på sine heimesider, og har ei generelt meir formidling- og publikumsretta heimeside.⁵⁷

På spørsmål om i kva grad museet tilset folk med sikte på å få utført forskingsoppgåver er svara generelt over middels med eit veka gjennomsnitt på 4,20 på ei skala få 1-5. Nokre har oppretta eigne forskarstillingar, andre har som mål å auke både forskingskompetansen og rommet for forsking. Samstundes er det berre eitt museum som svarar at dei synleggjer forskingsoppgåver eller forskingsansvar i stillingsnemningar/-skildringar og stillingstypar.

Dei som har svart på om det har skjedd ei utvikling knytt til krav om mastergrad dei siste fem åra svarer anten ja eller litt. Svara handlar først og fremst om at leiing i større grad lyser ut stillingar med krav til mastergrad. Realkompetanse kan veie opp for mangel på formell kompetanse ved tilsetting.

⁵⁵ Museum Vest, Musea i Sogn og Fjordane (på ein skilde av dei konsoliderte musea sine sider), Nynorsk Kultursentrum, musea for skriftkultur.

⁵⁶ Hardanger og Voss museum, Museumssenteret i Hordaland, Kraftmuseet, Sunnhordland Museum

⁵⁷ Bymuseet i Bergen.



Leiinga ved kvart museum har også blitt spurd om dei har ein kompetansestrategi. Dei fleste svarar at dei har ein ferdig eller under arbeid, men at den er nytta i varierande grad. Eitt museum gjennomførte ein kompetansekartlegging i 2017, som dei tek omsyn til ved tilsettingar.

Vi har også undersøkt alle åtte museum sine strategiplanar.⁵⁸ Nokre har ganske generelle strategiar og mål og nokre har konkrete tiltak. Tema som går igjen hos fleire er strategiar for auka kompetanse på eigne fagområde samt gjennom samarbeid med andre FoU-aktørar, tilrettelegging for fagleg utvikling hos tilsette og meir definerte stillingar og stillingsinstruksar med omsyn til forsking. Blant musea som ikkje allereie aktivt nyttar konservatoraurisasjonar, er det fleire som vurderer å ta steget i nærmeste framtid.

I dei musea som har formell forskningskompetanse i styre og leiing, har dei både høgare tal på tilsette med formell forskningskompetanse og publisering av fagfellevurderte artiklar. Samtidig er dei flinke til å oppmode tilsette både til å kvalifisere for formell kompetanse, og publisere. Men, det verkar ikkje som om dei har sterkare fokus på å rekruttere nye tilsette med formell kompetanse i tilsettingsprosessar.

Oppsummering

Det er ein klar tendens i materialet at både leiing og tilsette tenkjer at det er mange fleire med kompetanse til å forska enn dei relativt få som har formell forskarkompetanse. Undersøkinga viser at det store fleirtalet av dei som forskar eller tenkjer at dei burde forske ikkje har formell forskarkompetanse.

Det er også slik at musea i liten grad nyttar folks formalkompetanse innan forsking til å profilera institusjonen forskingsfagleg. Det å inkludere mange i forskingsstaben framstår som viktigare enn å framheva dei med formell forskingskompetanse spesielt.

Det er interessant å sjå at dei musea med forskingskompetanse i styret og leiing har både høgare tal på tilsette med formell forskingskompetanse og publisering av fagfellevurderte artiklar.

Tilrettelegging for forsking

Prioritering og strategiar knytt til forsking

På spørsmål til leiinga om i kva grad forsking vert sett på som eit prioritert område for institusjonen, svarar musea frå tre og oppover på ein skala frå ein til fem. To svarar at det har høgaste prioritet. Dei som ikkje har dette øvst på prioriteringslista forklarar at dette handlar om andre prioriteringar og ressursmangel. Eitt av musea kan fortelje at formidling blir prioritert framfor forsking. I følgje Brenna-utvalet har det vore eit stadig aukande gap mellom kompetanseheving og auka publiseringssrate i musea underlagt KUD mellom 2011 og 2019. Dei trur det dreier seg om eit misforhold mellom ynsket om å satse på forsking og moglegitene til det.⁵⁹

⁵⁸ Bymuseet i Bergen, «Strategi 2020-2023,» 7; Museum Vest, «Museum Vest - Strategisk veikart 2021-2025,» 14; Sunnhordland Museum, «Strategi for Sunnhordland Museum,» 18, 21; Hardanger og Voss museum, «Strategisk plan 2018-2022,» 7, 10; Museumssenteret i Hordaland, «Strategi 2020-2021,» 12, 17; Nynorsk kultursentrums, «Språk, kultur og kunnskap til heile landet - Strategisk plan for Nynorsk kultursentrums 2020-2025,» 4; Kraftmuseet, «Strategisk plan 2019-2024,» 16; Musea i Sogn og Fjordane, «Strategiplan 2018-2021,» 20, 25-26.

⁵⁹ «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre,» 25-26.




Diagram 6: Spørsmål 3 til øvste leiar ved musea.

I fleire av musea vert tilsette oppmoda til å skaffa seg formell forskningskompetanse. Undersøkinga har vist at leiinga gjerne vil prioritera forsking, men manglar ressursar, særleg i form av tid, til å produsera fagfellevurdert forsking. Ressursmangel er dei både klar over og problematiserer, men utan å presentere strategiar for å imøtekommne problematikken. Dei ser heller ikkje ut til å meine at forsking skal prioriterast like høgt som formidlings- og samlingsarbeid.

Tendensen ved musea i Vestland bør sjåast i lys av korleis dei fire F'ane frå stortingsmelding nr. 49, «Framtidas museum: Forvaltning, forskning, formidling, fornying»⁶⁰ går igjen i strategiane til musea. Dei åtte musea sine strategiplanar har nokre felles punkt.

I strategiplanane er forsking ofte sidestilt med forvaltning og formidling, og skal være eit naudsynt fagleg grunnlag for dei to sistnemnte.⁶¹ Dette går også igjen i svara i spørjeundersøkinga. Utfordringa er at forskingsfeltet likevel tapar terreng til dei andre felta. Fleire ynskjer at forskinga skal lede til kunnskap til fordel for innsamling til og handtering av museas samlingar. Samstundes seier dei seks musea som har svart på spørjeundersøkinga – i samsvar med strategiplanane sine⁶² – at det er ynske om å utvikle forskingsfeltet på museet. Alle omtalar også eit behov for meir kapasitet og meir samarbeid med eksterne.

I spørjeundersøkinga har leiarane blitt spurta om det er bestemte fagdisiplinar, tematiske område og teoretiske perspektiv som peikar seg ut som aktuelle innan forskingsfeltet eller -ambisjonane til museet. Svara er varierte og understreker at musea har forskjellige fokusområde og spisskompetanse, men nokre tema som går igjen er industrihistorie/-arv og immateriell kulturarv.⁶³

⁶⁰ Kulturdepartementet, «Framtidas museum - forvaltning, forskning, formidling, fornying», red. (2008-2009).

⁶¹ Hardanger og Voss museum, «Strategisk plan 2018-2022», 3-4; Sunnhordland Museum, «Strategi for Sunnhordland Museum», 4; Museum Vest, «Museum Vest - Strategisk veikart 2021-2025», 12, 14; Museumssenteret i Hordaland, «Strategi 2020-2021», 4; Bymuseet i Bergen, «Strategi 2020-2023», 5; Musea i Sogn og Fjordane, «Strategiplan 2018-2021», 8, 13, 17; Nynorsk kultursentrum, «Språk, kultur og kunnskap til heile landet - Strategisk plan for Nynorsk kultursentrum 2020-2025», 4; Kraftmuseet, «Strategisk plan 2019-2024», 7.

⁶² Hardanger og Voss museum, «Strategisk plan 2018-2022», 3; Kraftmuseet, «Strategisk plan 2019-2024», 7, 11; Bymuseet i Bergen, «Strategi 2020-2023», 7; Sunnhordland Museum, «Strategi for Sunnhordland Museum», 11, 18, 21, 32; Museumssenteret i Hordaland, «Strategi 2020-2021», 12, 17; Musea i Sogn og Fjordane, «Strategiplan 2018-2021», 20; Museum Vest, «Museum Vest - Strategisk veikart 2021-2025», 14.

⁶³ Tematisk kompetanse i musea og hos dei tilsette er lista opp i eigen kompetansekatolog.



Organisering av forskningsaktivitet

På spørsmål om musea har etablert ein struktur for organisering av forskningsprosjekt, svarar berre eitt museum ja.⁶⁴ Det kjem også fram at det stort sett er nærmeste leiar eller direktør som godkjenn forskningsprosjekt.

Leiinga har også blitt spurta om musea har organiserte tematiske faggrupper for jobbing med forskningsprosjekt. Tre museum har dette. Gjennom dei som har utdjupa svara sine ser me at dette dreier seg om tema knytt til samarbeid med andre eller faglege val gjort internt. Dei har også samarbeidspartnarar gjennom forskjellige nettverk i UH- og FoU-sektoren.

I relasjon til faggrupper har vi også spurta musea om eksisterande møteplassar for dei som arbeider med forskning eller forskingsrelaterte oppgåver. Fem museum har faste møteplassar. I svara er det ressursgrupper med faste møtetider som vert nemnd. Eitt av musea har digitalt møte så ofte som kvar fredag.

Rett og plikt til forsking

Hittil har vi kartlagt at forskingstid både er laust definert og ein knapp ressurs i alle åtte museum omfatta av denne undersøkinga.

Museumsleiinga har blitt spurta om dei har formalisert forskingstid og om det er innarbeida som presedens knytt til bestemte stillingstypar. To museum har svart at dei har slik formalisert forskingstid, medan tre museum har svart at forskingstid er innarbeidd som presedens. Dei svarar at tilsette med forsking som hovudoppgåve eller forskarstillingar (rådgivar, konservator og førstekonservator) har forskingstid innbakt i stillinga. Av dei tre som har svart nei på spørsmålet om formalisert forskingstid har ein svart at forskingstid blir tilpassa etter behov. Det ser ut til å være ein kombinasjon av plikt og rett på forsking i desse stillingane.

Ingen av musea rapporterer om reine forskarstillingar, men for dei tre musea som har formalisert forskingstid er det slik at tilsette med formell forskarkompetanse har 20-40% forskingstid i sine stillingar.⁶⁵ Dei fire andre vi har informasjon frå har ikkje formalisert forskingstid.⁶⁶

Både i planar og i svar frå våre spørjeundersøkingar vert det lagt vekt på at mange som har forskingsoppgåver også har andre oppgåver. Musea både med og utan formalisert forskingstid ynskjer dessutan ikkje å ekskludere dei som manglar formell forskingskompetanse frå moglegheita til å forske. Det skal gjerast tilrettelegging etter behov og det er gitt rom for og satt mål om kompetanseheving og kunnskapsproduksjon.⁶⁷

Vi har spurta museumsleiinga om kva stillingskategoriar og -nemningar som minimum krev mastergrad, og kva type stillingar som gir rom for eller forventning om forsking. Nokre leiarar gir generelle svar på sistnemte, og ynskjer brei forankring i organisasjonen når det kjem til forsking. Andre nemnar særskilte stillingar der det er krav om mastergrad og rom for/forventning om forsking:

⁶⁴ Museum Vest.

⁶⁵ Musea i Sogn og Fjordane, «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024,» 6-7.; Nynorsk Kultusentrum spørjeundersøking; Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018,» 3.

⁶⁶ «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre,», 26-27.

⁶⁷ Museum Vest, «Museum Vests forskningsplan 2022-2025,» 13.; Kraftmuseet; Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018,» 3; Museumssenteret i Hordaland, «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023,» 5; Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022,» 6-7.



Stillingstittel	Krav om mastergrad	Gjev rom for/forventning om forsking
Atelierleiar	✓	
Avdelingsleiar	✓	✓
Bygningsvernkonsulent	✓	
Direktør	✓	
Fagansvarleg	✓	✓
(Fag)konsulent	✓	✓
Formidlar	✓	
Formidlingsleiar	✓	✓
Forskar II	✓	✓
Førstekonservator (NMF)	✓	✓
Konservator	✓	
Konservator (NMF)	✓	✓
NVE-kontakt	✓	
Personalleiar	✓	
Samlingsansvarleg	✓	
Teknisk konservator	✓	
Økonomileiar	✓	

Tabell 1: Spørsmål 23 og 25 til øvste leiar ved musea.

Samanliknar vi stillingane som er nemnd over med bakgrunnen og stillingstitlane til respondentane i spørjeundersøkinga, finner vi at omkring halvparten av respondentane har stillingar som forskar, konservator, konsulent og rådgjevar, mens den andre halvparten fordeler seg jamt på leiing og formidling. Nokre av respondentane er handverkarar. Alle som har svart på undersøkinga er oppmoda om det av museas leiing og/eller kontaktpersonar for dette prosjektet.

I den anonyme spørjeundersøkinga har dei tilsette blitt spurta om dei har formalisert forskingstid og kva forventingar dei opplever rundt eiga forsking. Berre åtte (13 %) av respondentane (N=60) har ei klart definert stillingsprosent som skal nyttast til forsking. Heile 87% har svart nei eller ikkje svart i det heile tatt på dette spørsmålet. Blant dei åtte respondentane er det fire som har oppgitt at dei har ein uttalt stillingsprosent på mellom 20 og 40%. Dei andre fire som svarar ja seier at det er opp til dei sjølv kor mykje dei forskar. Av desse åtte har to PhD og tre autorisasjon som konservator (NMF). Samstundes har tre respondentar som manglar formell forskarkompetanse ei definert stillingsprosent satt av til forsking. Fem respondentar med PhD og åtte med konservatorautorisasjonar har altså ikkje ei definert stillingsprosent satt av til forsking. Alle desse opplev likevel ei forventing om å forske.

På spørsmål til dei tilsette om det er forventa/ynskt at dei forskar ved noverande arbeidsplass aukar forventninga med kompetanse. 41 av 57 som har svart på spørsmålet har svart ja. Av sju med doktorgrad svarar fem ja, ingen nei, medan to ikkje har svar på spørsmålet. Av tolv med autorisasjonar som konservator og førstekonservator, har ni svart ja, ein nei og to ikkje svart. Av dei utan formell kompetanse har framleis halvparten svart ja. Det er viktig å få med at fleire



respondentar nyttar kommentarfelta til å skilje mellom ynskt og forventa, og peiker på at det nok er meir ynskt enn forventa. Nokon meiner at forventningane er uklare og at det er lite tilrettelegging. Nokon trur at det er forventa eller ynskt, utan at dette er tydeleg forankra til dømes i stillingsskildring eller planverk. Og for nokon er det som sagt reflektert i stillingsskildringa.

Samanfatta ser det ut til at det er eit lite mindretal som har plikt til å forske, og at denne plikta ofte ikkje er direkte knytt til verken stillingstittel, utdanning eller formell forskingskompetanse. Det er eit mindretal av desse igjen som har ei definert stillingsprosent satt av til forsking. Mange opplev at det er eit gap mellom forventningar knytt til forsking og moglegheit til finna rom til dette. Dei individuelle svara tydar også på at respondentane generelt opplev å ha rett til og forventing om å forske, men manglar rammeverk og tilrettelegging.

I følgje forskningsplanane har alle musea⁶⁸ klare forventingar og mål om at forskingstid skal lede til forskningspublisering eller -formidling.⁶⁹ BYB skriv vidare at det skal leggjast til rette for forsking – også i form av avskjerma forskingstid – men at forskingstid kan komme i konflikt med andre av museet sine oppgåver og at det er viktig at forskinga også høyrer til i museets normale drift utan å bli isolert.⁷⁰ HVM har frikjøp til forsking som ein del av forskingsstrategien sin.⁷¹

I samband med funna rundt plikt og rett til forsking er det interessant å sjå på kva dei tilsette svarar når dei blir spurt om i kor stor grad forskingsinnsatsen deira er avhengig av ekstern finansiering eller frikjøp. Om vi ser bort frå at nesten ein tredjedel av respondentane har svart midt på treet, er svara heilt likt fordelt i øvre og nedre del av skalaen. Plukkar vi ut rangeringa gjort av respondentar med og utan formell forskarkompetanse, ser vi at er dei med formell forskarkompetanse er litt mindre avhengig av ekstern finansiering. Forskjellen er ikkje av betydeleg storleik, men reflekterer nok rommet desse har til å forske i sine stillingar.

Musea har i samanheng med dette blitt spurt om andre forhold som gir rett på eller rom for forskingstid, og kunne krysse av for forskjellige forhold. Fem svarar at det å inngå i eit forskningsprosjekt som er relevant for museet er ein gyldig grunn. Vidare har tre museum kryssa av for eksternt finansierte prosjekt og individuelle prosjekt. Ingen har kryssa av for andre forhold. Det ser altså ut til at forskingstida til tilsette som ikkje har formell forskingstid bakt inn i stillingane sine er prosjektbasert. Både leiing og tilsette har også blitt spurde om kva rom dei tilsette har til å organisere eigen forskingstid, dette kommer vi tilbake til under eget kapittel om forskingstid som ressurs.

⁶⁸ Med unntak av Sunnhordland museum som vi ikkje har svart på spørjeundersøkinga eller tilgjengelig forskingsplan

⁶⁹ Nynorsk kultursentrums, «Langtidsplan for forsking 2020-2022,» 3; Hardanger og Voss museum, «Forskningsplan 2018-2022,» 4-5; Museum Vest, «Museum Vests forskningsplan 2022-2025,» 4; Museumssenteret i Hordaland, «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023,» 5; Kraftmuseet, «Forskningsplan,» 6-8; Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018,» 3-4; Musea i Sogn og Fjordane, «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024,» 5-6.

⁷⁰ Bymuseet i Bergen, «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018,» 3.

⁷¹ Hardanger og Voss museum, «Strategisk plan 2018-2022,» 7.




Diagram 7: Spørsmål 33 til øvste leiar ved musea.

Støtte og aksept i organisasjonen

Dei tilsette har blitt spurta om i kva grad dei opplever at leiinga forstår og støttar forskningsarbeidet deira. Her er resultatet svært høgt med eit vekta gjennomsnitt på 3,9. Isolerer vi dei med PhD frå dei andre tilsette er svaret meir nøkternt – det vekta gjennomsnittet er på 3,33. Kva dette skyldast har vi ikkje klare svar på, men ser vi tilbake til dei forskjellige leiaranes svar på forskarkompetanse i leiing og styre, er det berre tre av musea som har opplyst om at dei har representantar med formell forskarkompetanse på desse nivåa i organisasjonen. Sjølv om vi ikkje kjenner til kva museum dei med PhD høyrer til ved i den anonyme undersøkinga kan det verke meir logisk når dei med høgast utdanning er mindre nøgd med støtta frå leiing enn tilsette med lågare utdanning. Ei svakheit ved spørsmålet er at vi ikkje veit om svara reflekterer oppleving av støtte frå øvste leiar eller nærmeste leiar, eller leiinga generelt. Dei tilsette har også blitt spurta om i kva grad dei opplever at tid satt av til forsking vert respektert av kollegaer. Ei klar overvekt svarar i den øvre enden av skalaen, også når det gjelder dei med PhD.

Av dei som har svart utfyllande er det to tendensar som går igjen. Alle svarar jamt over at dei ikkje opplever manglande respekt, men nokon svar peiker mot manglande forståing for avskjerma forskingstid. Fleire svarar dessutan at skjerminga blir brote opp på grunn av møteinkallingar og andre administrative oppgåver. Nokon av desse svarar også at det er best å ha heimekontor i skriveperiodar.




Diagram 9: Spørsmål 15 til tilsette.

Diagram 9: Spørsmål 11 til tilsette.

Oppsummering

Museumsleiinga ynskjer å få til meir forsking ved musea, men det viser seg at dei har problem med å få dette til i praksis. Det har vist seg å vera vanskeleg å prioritera forsking framfor forvaltning og formidling. Dei fleste i øvste leiing opplever at dei har ein svak struktur knytt til organisering av forsking. Til dømes er det som oftast nærmeste leiar som godkjenner forskingsprosjekt. Det er likevel slik at dei fleste musea har ein eller anna form for møtestad for dei som jobbar med forsking.

Det er berre nokre få av respondentane som har formalisert forskingstid. For dei aller fleste er det uavklart kor mykje ein skal forske, og mange opplev at forskinga tapar i møtet med andre arbeidsoppgåver. Dette er eit av museumsforskinga sine store problemstillingar: korleis leggje til rette for at folk får tid til forsking.

Med bakgrunn i museumsleiinga sitt ynskje om å få til meir forsking er det ikkje så overraskande at folk opplev at dei får støtte når dei er i gang med sitt forskingsarbeid.

Motivasjon blant dei tilsette

I den anonyme spørjeundersøkinga til tilsette er dei spurta om motivasjon både for å forske og for å vidareutvikle eigen forskingskompetanse på noverande arbeidsplass.

Motivasjon for forsking

I spørjeundersøkinga er dei tilsette spurta om dei har søkt seg til museet med ønske om og/eller motivasjon for å forske. Her svarar 29, eller 51%, av respondentane ja (N=59).

I kommentarfeltet blant dei som har svart ja, kjem det mellom anna fram at både søker og arbeidsgjevar har sett på forsking som ein føresetnad for tilsettinga. Fleire av dei som har svart ja utdypar at dei sökte på stillinga med motivasjon for kompetanseheving og spesialisering innanfor sine fag. Nokon svarar at dei har blitt motiverte etter å ha starta i stillinga.

I kommentarfeltet blant dei som har svar nei, peikar nokon av respondentane på at stillingane deira ikkje er forskarstillingar, men heller pedagogiske, praktiske eller administrative. Ser vi tilbake til Tabell 1 ser vi at leiinga ved musea har ei forventing om at formidlings- og/eller avdelingsleiarar skal forske. Berre ein av leiarane seier at dei synleggjer forskingsoppgåver eller -ansvar i stillingsskildringar og liknande. Samstundes seier leiinga ved to museum at dei har ei forventing om at forsking skal være brent forankra i organisasjonen. Ein av desse nemner formidlarar særskild. Med tanke på at leiarar på fleire nivå har sendt spørjeundersøkinga ut til dei dei meiner anten forskar eller kunne ha forska, kan det sjå ut til at leiinga sine forskningsambisjonar skapar forventningar og ynskjer om forsking langt inn i stillingar som i utgangspunktet ikkje var forskingsorientert. Halvparten av respondentane i tilsettundersøkingane er tilsett i pedagogiske eller administrative stillingar, og omrent like mange søkte ikkje på stillingane sine med motivasjon for å forske. Om det er nøyaktig dei same kan vi ikkje vite ettersom sistnemnte tal kommer frå den anonyme undersøkinga, men samsvaret er påfallande. Formidlar leiinga synet på og forventingane til forsking godt nok både til tilsette og potensielle tilsette?

Med tanke på at museumsleiinga legg til grunn eit breiare føremål med forskinga enn tilsvarande for UH-sektoren, kan det vere at (nye) tilsette som kjem frå andre sektorar ikkje har same forståing av forsking som det ein finn på musea. Koplinga mellom utstillingar og formidlarar er spesielt interessant her. Har leiinga ei forventing om at særleg formidlingsleiarar skal forske i tilknyting til utstillingane, utan å kommunisere dette under tilsetting?

Motivasjon for kompetanseløft

Fortsett vi der vi avslutta førre avsnitt, kan vi kanskje finne nokre svar i motivasjon for kompetanseløft blant dei tilsette. Sjølv om resultata ovanfor skapar noko forvirring, er heile 87 % av respondentane motiverte for å vidareutvikle eigen forskingskompetanse ved noverande arbeidsplass.

Viss vi fordeler svara på utdanningsnivå, kjem nokre interessante tendensar fram. Rettar vi fokus mot dei med den høgaste forskingskompetanse i undersøkinga, har seks av sju svart at dei er motiverte for å vidareutvikle kompetansen sin som tilsett ved museet. Men, når dei blir spurde om kva slags kompetanseløft dei ynskjer å oppnå er det ein del som ynskjer å kvalifisere seg for vitskapelege stillingar andre stader. Dei andre uttrykkar eit ønske om å få meir praktisk erfaring innan forsking, som i å innleie samarbeid eller leie større forskingsprosjekt. Ein gir uttrykk for eit ønske om å oppnå autorisasjon som førstekonservator.

Blant respondentar med mastergrad ynskjer derimot nesten halvparten å kvalifisere for autorisasjon som konservator (NMF) medan om lag ein fjerde del kunne tenke seg å bli førstekonservator (NMF) og/eller oppnå PhD. Det er slåande at langt fleire ynskjer å gjennomføre forskingskurs og/eller oppnå autorisasjon som konservator (NMF). Blant anna kompetanseløft er det mange som ynskjer å utvikle forskingskompetanse, gjennomføringsevne og kunnskapsnivå.




Diagram 10: Spørsmål 3 til tilsette.

Det ser ut til det finns mykje motivasjon for å forske, men ikkje like mykje motivasjon til å løfte seg opp på høgast mogleg nivå for å forske.

Det er ikkje eit stort tal respondentar som har Bachelorgrad-grad eller anna tilsvarende utdanning, men alle desse verker høgt motivert for eigen kompetanseutvikling. Storparten ynskjer mastergrad og/eller forskingskurs. I denne gruppa med respondentar finn vi også handverkarar som ynskjer meir fokus og kompetanse på handverksforskning.




Diagram 11: Spørsmål 4 til tilsette.

Oppsummering

Av dei som har svara på undersøkinga er det om lag halvparten som tok seg jobb i musea for å også kunne jobbe med forsking. Dette talet speglar nok det faktum at så mange har svara på undersøkinga, sjølv om dei i liten grad i praksis jobbar med forsking. Til dømes har mange formidlarar svart på undersøkinga, og dei fleste av desse vart ikkje tilsett med krav eller forventningar om at dei skal forska. Det kan synast som om leiinga sitt ynskje om å få til meir forsking ved institusjonen kan ha medført auka forventning/ynskje frå dei tilsette om å involvera seg i forsking.

Dei tilsette sin motivasjon til kompetanseløft er stor, utan at dette nødvendigvis handlar om kompetanseheving på formalplanet. Det er først og fremst tilsette med mastergrad som har



ambisjonar knytt til formell kompetanseutvikling (konservator NMF, PhD eller førstekonservator NMF).

Forskningsressursar i musea i Vestland

Tilgang til forskningslitteratur

Både leiinga og dei tilsette har blitt spurde om noverande og ynskt tilgang til relevant forskningslitteratur.

Medan leiinga har blitt spurde om korleis museet får tilgang til relevant litteratur, har tilsette blitt bedt om å rangere denne tilgangen på ein skala frå 1-5. Det er først og fremst eget og andre bibliotek som peiker seg ut som viktig for tilgangen på forskningslitteratur, i tillegg vert det lagt til rette for innkjøp av både relevante tidsskrift og bøker. Dei tilsette er likevel berre gjennomsnittleg nøgd med kva dei får ut av biblioteksamlingar. Den største delen av svara er sentrert rundt midten av skalaen. Men, det er merkbart at det er misnøye med den manglende tilgangen til lukka databasar, og tilsette er heller ikkje spesielt nøgde med kva relevant dei får ut av tidsskriftsabonnementa.




Diagram 12: Spørsmål 12 til tilsette.

På opent spørsmål til leiinga om kva behov musea har for tilgang til tidsskrift- og bibliotektenester er svara unisone. Dei har behov for lisensar til dei same databasane som andre forskingsinstitusjonar, og seier at kostnadane knytt til tilgangen må vurderast.

Dei tilsette utdjupar både i kommentarfelta og i etterfølgande opent spørsmål om behov for tilgang til tidsskrift- og bibliotektenester. På opent spørsmål til tilsette om behov for tilgang til tidsskrifts- og bibliotektenester tar omkring halvparten av respondentane tak i den same problemstillinga som leiinga. Dei har et generelt stor behov for tilgang til lukka databasar dei er kjende med frå UH-sektoren. Dei som namngjev konkrete ressursar nemnar Nasjonalbiblioteket,



Idunn⁷², Feide, JSTOR og universitetsbiblioteka. Nokon omgår murane via kjende med rett tilgang eller såkalla «piratnettsteder for å *bypasse* elles lukka databasar».

Fleire respondentar blant dei tilsette uttrykker frustrasjon over at det er utfordrande å produsere og imøtekomme krav til forsking utan tilgang til dei same tidsskrifta og lukka databasane som kollegaer som forskar i UH-sektoren. Nokre av respondentane opplever eit manglande samsvar mellom forventingar og tilrettelegging frå forvaltringa. Ein svarer at «[d] et er krevende å imøtekomme krav til vitenskapelighet og innsikt i forskningshistorie på nivå med utdannings- og forskningsinstitusjoner uten å ha samme ressurstilgang.» Ein annan svarar; «Uten tilgang til tidsskrifter og bibliotek blir det å følge med i fagfeltet vanskelig, nedprioriter og ikke motiverende.»

Denne problemstillinga er kjend frå før. Blant ei rekke utfordringar knytt til forsking og forskingstid, kom det i 2018 fram at 64 % av musea underlagt KUD i følgje dei sjølv ikkje hadde tilfredsstillande tilgang til forskningsressursar og at 40 % dessutan mangla nødvendig forskingskompetanse i 2018.⁷³ I 2020 rapporterte Brenna-utvalet at dei merka seg «..at infrastruktur for forskning som tilgang på bibliotekstjenester, fagtidsskrift m.m. har lavest prioritet i museenes egne forslag til styrking av forskningen, og spør seg om dette tyder på liten forståelse hos ledelse og styrer for hva som skal til for å kunne forske.»⁷⁴ Leiinga ved musea i Vestland synest derimot å vere klar over problematikken, men frustrasjonen blant dei tilsette kan vitne om at dei ikkje er blitt presentert for konkrete planar eller tiltak for å kome problematikken i møte.⁷⁵

Forskningskompetanse som ressurs

Både leiinga og tilsette har blitt spurd om kva tilgang dei opplever å ha på relevant forskningskompetanse, og kva for behov for styrking av forskningskompetanse dei ser.⁷⁶ Merk at berre halvparten av musea er representert i svara frå leiinga, så her kan det vere ein feilmargin. Vi ser også at spørsmålet opnar for tolking i kva «tilgang på forskningskompetanse» tyder, til dømes om ein tenkjer på eigen kompetanse til å forske eller støtte i andre sin forskningskompetanse. Dette kan ha påverka svara og dermed kva vi legg i resultata.

Leiinga opplever at tilgangen på forskningskompetanse er større enn det dei tilsette gjer. Men leiing og tilsette har svart på ulike spørsmål. Leiinga har svart på institusjonens tilgang på forskarkompetanse, mens dei tilsette har svara på sin eigen tilgang på slik kompetanse. Det kan vere verdt å sjå dette i perspektiv av at det var mange av dei tilsette som svara på spørjeundersøkinga som ikkje har forskingstid som del av stillinga si.

Når vi fordeler dei tilsette sine svar etter utdanning, ser vi at tilsette med doktorgrad opplever å ha større tilgang på kompetanse enn dei andre tilsette. Særleg når det kjem til konkret kompetanse som tilsette med PhD, rettleiarar og fagfellevurdering, er det en tydeleg divergens mellom dei med PhD og dei utan. Det er ikkje berre ein del ulike opplevelingar mellom leiing og tilsette, men det er også ulikt mellom dei tilsette med og utan doktorgrad.

Dette utløyser ein rekke spørsmål. Opplever tilsette utan formell forskarkompetanse å bli oppmoda til å forske utan å få tilgang verken på tid eller kompetanse? Eller er det ei manglande forståing for og erfaring med kva forsking faktisk inneber og krev av den einskilde både på leiar- og tilsetttnivå?

⁷² Musea som inngår i dette prosjektet har i etterkant av undersøkinga fått tilgang til Idunn.

⁷³ «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre.», 26-27, 32-33.

⁷⁴ Ibid., 33.

⁷⁵ Ibid., 60-61.

⁷⁶ Tilsette har ikkje blitt spurd om tilgang på forskningskompetanse i styret og leiinga.

I kva grad opplever du at museet (leiing)/du (tilsatt) har tilgang på relevant forskingskompetanse?




Diagram 13: Spørsmål 16 til tilsette/spørsmål 27 til øvste leiari ved musea. Spørsmål merka med * er berre stilt til leiing.



Vi har samanlikna det musea har omtalt som prioriterte forskingsområde i sine forskingsplanar med det respondentane har oppgitt som sine fagfelt. Vi har forskingsplanar tilgjengeleg frå sju museum, alle unntatt SHM. Ettersom berre ein tilsett ved BYB har fylt ut forskar-CV er det dessutan vanskeleg å vurdere status der. Dei tilsette har blitt bedt om å liste opp sine fagområde heller enn å bli presentert eit utval i samsvar med musea sine forskingsplanar. Det har difor vore noko behov for tolking for å kunne vurdere dei tilsette sin kompetanse innunder musea sine forskingsområde. Det må også presiserast at ein god del av respondentane er utdanna innan humaniora – som historikarar, arkeologar og etnologar. Ein del er handverkarar eller konservatorar og vane med å jobbe med historiske gjenstandar eller handlingsboren kunnskap.

Ser vi det store biletet slik det synar seg i Tabell 2 har alle musea tilsette med kompetanse innan felta dei vil prioritere å forske på. Men, dei har ikkje nødvendigvis formell forskarkompetanse, eller spesialisering innan gitte historiske felt. Alle musea som prioriterer samtidsorientert forsking har til dømes tilsette med kompetanse innan etnologi. Samanliknar vi dessutan med publiseringa av fagfellevurderte artiklar frå 2017-21 ser vi at dei aller fleste av artiklane er publisert i overeinskomst med prioriterte forskingstema ved musea som forfattarane tilhøyrar.

	BYB	HVM	KM	MiSF	MV	MUHO	NNKS	SHM
Arkitektur(-historie) /teknologi	X		X	X		X		
Bygd- og bygningskultur		X				X		
Byhistorie	X							
Handlingsboren kunnskap/immateriell kulturarv		X		X		X		
Industri- og arbeidarkultur			X			X		
Krigshistorie					X			
Kulturlandskap og landskapshistorie						X		
Kunst		X						
Landbruks historie						X		
Maritim Kultur		X		X	X			
Museologi	X					X	X	
Naturvitenskap/historie						X		
Nynorsk skriftkultur							X	
Samtidsorientert forsking	X	X	X	X				
Skulehistorie	X							

Tabell 2: Museas prioriterte forskingsområde i følgje eigne forskingsplanar. Der respondentar i forskar-cv har oppgitt kompetanse innanfor områda er dette markert i grønt.⁷⁷

På spørsmålet om kva slags forskingskompetanse leiing og tilsette meiner at museet bør styrke kjem forskjellige forventingar fram på fleire punkt. Medan både tilsette og leiing ser på publisering som det viktigaste punktet, er det nokre sprikande svar vidare.

Sjølv om tilsette med lågare utdanning enn PhD opplevde å ha middels eller låg tilgang på formell forskarkompetanse, rettleiing og erfaring med fagfellevurdering, er dette ikkje noko dei signaliserer at dei ynskjer styrking av. Dei synar å være meir opptatt av å auke kompetansen på relevant teori og tematikk. Få av dei som har fylt ut forskar-cv har fylt ut heilt konkret kompetanse, dei som har gjort det har stort sett formell forskarkompetanse. Det kan vere at dei med utdanning

⁷⁷ SHM hadde ikkje forskingsplan da denne kartlegginga ble gjort



på mastergradsnivå, sjølv om dei har ei grunnutdanning som gjer dei skikka til å bevege seg inn på forskingsfeltet, ikkje opplever å ha tilstrekkeleg kunnskap for å levere forsking på eit høgare nivå. Dette speglar i så fall dei utdjupa svara under motivasjon for kompetanseløft godt. Nesten 50 % av respondentane med utdanning på masternivå ynskjer å gå kurs for å lære seg å forske ved musea. Omrent like mange gir uttrykk for at musea dei er tilsett ved ikkje har tilgang på kompetanse i form av formell forskarkompetanse, rettleiing og fagfellevurdering. Og igjen, omrent like mange, om ikkje fleire, meiner at musea burde styrke kompetansen innan publisering, forskningsprosjektleiing samt fagdisiplinær, tematisk og teoretisk kompetanse.

Leiinga har forventingar om at det bør skje ei styrking innan meir administrativ forskingskompetanse som søknadsskriving og prosjektleiing, samt formell forskarkompetanse og fagdisiplinær kompetanse. Dei tilsette ønsker jamt over også noko auka kompetanse på prosjektleiing, men først og fremst at leiinga og styret skal auke kompetansen innan forsking og forskingsutviklinga i sektoren. Her er det spesielt dei med doktorgrad som seier i frå.

Dei tilsette som har svart «anna» ynskjer seg tettare samarbeid med ekstern forskingskompetanse. I utviding av dette var det også ein som ynskja betre kunnskap om forsking på tradisjonshandverk.

Eit spesielt interessant funn i denne delen av undersøkinga er at dei tilsette med lågare utdanning enn PhD synar å vere meir fokusert på å auke realkompetansen enn den formelle kompetansen. Det kan vere at dette speglar eigen motivasjon for kompetanseløft. Som sagt er tilsette på dette utdanningsnivået meir motiverte for auka kunnskap og publisering som kan leie til konservatoraurorisasjon enn dei er for å ta høgare utdanning enn dei allereie har. Her er det viktig å merke seg at spraket er stort mellom dei og leiinga. Leiinga meiner dei har høgaste tilgang på tematisk kompetanse og relevante teorifelt, men dei tilsette med lågare utdanning enn PhD er ikkje einig og ynskjer meir kompetanse knytt til tematisk og teoretisk kompetanse.

Det er dessutan påfallande at sjølv om alle er opptatt av å auke kompetansen på publisering, er det ein stor divergens mellom tilsette med PhD og både leiing og andre tilsette når det gjem til vekt på forskarkompetanse knytt til fagfellevurdering. Dei med PhD er vesentleg mykje meir oppteken av å styrke slik kompetanse ved museet enn både leiing og andre tilsette.⁷⁸

Eit anna funn er at tilsette med PhD både opplever å ha god tilgang på formell forskarkompetanse og samtidig ynskjer meir. Kan det handle om å auke talet på tilsette med formell forskarkompetanse? Som vi skal sjå i neste kapittel er det også dei som ser det største behovet for faggruppemøter, seminar og konferansar.

⁷⁸ Norsk kulturråd, «Museene i 2017», red. (2018); «Museene i 2018», «Museene i 2019», «Museene i 2020», red. (2021).

Kva slags forskingskompetanse ønsker/meiner du at museet bør styrke? (svar i prosentandel).




Diagram 14: Spørsmål 17 til tilsette/spørsmål 29 til øvste leiar ved musea.

Forskingstid som ressurs

Samanliknar vi formalisert forskingstid og finansiering, ser vi at dei tre musea som inkluderer ekstern finansiering blant forhold som gir rom for forskingstid⁷⁹ er av dei som ikkje har formalisert forskingstid. Sidan få av leiarane har svart på spørsmålet er det vanskeleg å sei om dette er uttrykk for noko anna enn tilfeldigheiter.⁸⁰




Diagram 16: Spørsmål 8 til tilsette.

Diagram 15: Spørsmål 9 til tilsette.

Dei tilsette er spurt om i kor stor grad forskningsinnsatsen deira er avhengig av ekstern finansiering, og om dei har blitt frikjøpt til forskningsarbeid dei siste fem åra. Det veka gjennomsnittet på det første spørsmålet er 2,95 på ein skala frå 1-5. Merk at «3» (midten) er det svaralternativet som har fått flest svar, 15. I nedre og øvre sjikt av skalaen er fordelinga heilt lik, 20 og 20. Blant 61 respondentar har ni blitt frikjøpt til forsking dei siste fem åra. Talet er relativt lavt, men det er viktig å hugse på at mange har svart på undersøkinga sjølv om dei ikkje har forska noko særleg dei siste fem åra. Fordeler vi svara etter utdanningsnivå er det ikkje store variasjonar, men tilsette med PhD synest å vera noko meir avhengig av ekstern finansiering enn andre tilsette. Dette kan også skuldast at det er desse som forskar mest ved musea og/eller at desse er meir vande med å söke om eksterne midlar til større individuelle prosjekt.

Dei tilsette verkar å meine at dei generelt har rundt middels rom for organisering av eiga forskingstid. Svara er gitt over heile skalaen. Medan deltaking på seminar og konferansar skårar høgast, er det uforstyrra tid i den daglege forskinga og høve til å reise på innsamlingsarbeid som vert opplevd som mindre oppnåeleg.

På to spørsmål er det betydeleg divergens mellom leiing og tilsette. Spriket er størst mellom leiing og tilsette når det kjem til spørsmålet om det er mogleg/tid til å reise på innsamlingsarbeid. Leiinga ser også ut til å meine at det generelt er meir tid og rom til forsking enn det dei tilsette

⁷⁹ Hardanger og Voss museum, Kraftmuseet og Museumssenteret i Hordaland.

⁸⁰ «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre», 28.



opplever. Dette er ein generell problematikk innan museumsforskning.⁸¹ Kva dette kan skyldast er ein interessant diskusjon.

Problemet ser ut til å vere strukturelt, for fleire peiker på faktorar som påverkar forskingstid. Både leiinga og tilsette skildrar korleis anna ansvar og oppgåver kjem framfor forskinga, også for dei som har forsking innbakt i stillinga. Dei tilsette har vanskeleg for å konsentrere seg om forsking, og skildrar korleis deira forskingstid går på kostnad av kollegaer som i så fall må ta over deira oppgåver. Dei både opplever og foreslår frikjøp og ekstern finansiering som ei mogleg løysing, men også her er det nokon som omtalar frikjøp som ei belasting for museet. Dette kan være med på å forklare spraket mellom leiing og tilsette si rangering av moglegheita for å organisere forskingstida i det daglege og månadlege. Også når det gjeld å kunne reise på innsamlingsarbeid.

Dei tilsette har i tillegg blitt spurd om kva som vert kravd for å kunne delta på seminar og konferansar. Av dei 59 som har svart på det overordna spørsmålet, har 28 gitt utfyllande informasjon. Dei svarar stort sett fri deltaking eller fri deltaking på det som reknast som relevant. Nokon få peiker på aktiv deltaking, at dei bør ha ein rolle på seminaret eller konferansen gjennom t.d. innlegg eller papers.

Forskningsrelaterte møteplassar i musea

Som ein kan sjå av diagram 17 er leiinga positiv til dei forskningsrelaterte møteplassane.

Dei med master eller høgare utdanning er noko meir opptekne av forskarkonferansar, forskarseminar og skrivesamlingar, mens dei med bachelor eller anna utdanning på lågare nivå er mest oppteken av faggruppemøter med andre som forskar på same tematikk. Dette siste speglar moglegvis eit noko ulikt syn på kva som er sentralt i forskningsarbeidet.

I kommentarfeltet vert det av ein peikt på om møtestader at det «er kjekt med inspirasjon, men problemet er mangel på tid til gjennomføring/sjølve skrivinga.» Ut i frå det vi tidlegare har vore innom i denne rapporten så kan ein vel seie at vedkommande med denne kommentaren treff spikaren på hovudet.

⁸¹ Tove Ingebjørg Fjell, Teemu Ryymä, og Hans-Jakob Ågotnes, «Vil man ha forskning i museene? Museumspolitiske mål og hindringer for forskningsarbeid,» *Nordisk Museologi*, no. 2 (2020): 35-36; «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre,», 33-34.

I kva grad har museet behov for dei følgande forskingsrelaterte møtestadane? (Ranger på ein skala fra 1-5 der 5 er høgast).




Diagram 17: Spørsmål 14 til tilsette/spørsmål 9 til øvste leiar ved musea.

Oppsummering

Både leiing og tilsette ved musea opplever at tilgangen på forskingslitteratur er avgrensa og problematisk. Musea og dei museumstilsette ynskjer å få tilgjenge til forskingslitteratur på lik line med universitets- og høgskuletilsette.

Det kan synest som om ein i dei fleste musea har tilgang på tematisk kompetanse knytt til museets prioriterte forskingskompetanse. Både leiing og tilsette ved musea meiner at kompetanse knytt til publiseringar er det som er viktigast å styrka. Tilsette med PhD er vesentleg meir opptekne av å styrka kompetansen knytt til fagfellevurdering og formell forskarkompetanse ved musea enn både leiing og andre tilsette er.

Dei fleste musea har gode møtestadar for forskingsrelatert arbeid, men har liten tid til å gjennomføra sjølve forskingsarbeidet. Både leiing og tilsette skildrar korleis andre oppgåver lett kjem i vegen for forskingsoppgåver. Dei tilsette opplev også at det er vanskeleg å overlata naudsynte arbeidsoppgåver til andre kollegaer for sjølv å forska.



Status for forskinga ved musea i Vestland 2022

Leiing

Kartlegginga visar at leiinga ved musea i Vestland i utgangspunktet har same syn på forsking som institusjonar i UH-sektoren, men at dei ynskjer at eiga forsking skal ta utgangspunkt i og vere til fordel for eigne samlingar og formidlingsprosjekt. I følgje både dei sjølv og tilsette er det problematisk når forsking skjer på kostnad av formidling og forvalting. Sjølv om leiinga er oppteken av at forsking skal ha høg prioritet ved musea, vert det ikkje gjort tilstrekkelege tiltak når forsking vert hindra av formidlings- og forvaltingsoppgåver. Leiinga ynskjer meir formell forskingskompetanse blant tilsette, men også at forskinga skal kunne utførast av tilsette med realkompetanse. Dei ynskjer samstundes høgare tal på publisering av fagfellevurderte artiklar. Kor reell er viljen og evna til å ta inn over seg kva forsking faktisk inneber og krevjar?

I følgje musea sjølv inngår dokumentasjons- og utstillingsarbeidet i det ein kan rekna som del av forskningsarbeidet. Men dette er ikkje målbart etter dei kriteria musea sin forsking blir målt på. Sjølv om dette både er problematisert og sett på som eit unikt potensiale av forvaltinga, er det framleis eit misforhold mellom forvaltinga og musea sjølv sitt syn på forskingsproduksjonen.

Dei musea som kjem best ut når det gjeld målbar forskingsproduksjon er dei som har formell forskarkompetanse representert i styre og/eller leiing. Dei har tydelege strategiar for kompetanseutvikling, tydeleg definert forskingstid og er i tillegg blant dei med høgast publiseringssrate for fagfellevurderte artiklar i perioden 2017-2021. Skal vi tro kartlegginga er ikkje styre og leiing i dei andre musea sjølv opptatt av å auke sin formelle forskingskompetanse, men dei tilsette, spesielt dei med PhD, er det. Kan dette med forskingskompetanse i styret og leiinga vera ei løysing for fleire museum?

Tilsette

Det var overraskande og interessant å sjå kor mange som faktisk responderte på spørjeundersøkinga. Kartlegginga kom slik til å omfatta langt fleire tilsette enn vi forventa. Oppmoda av leiinga og prosjektets kontaktpersonar, er det mange som har late seg inkludera i undersøkinga. Sjølv om det totale talet på tilsette med formell forskingskompetansen er om lag 22 prosent, er det tydelegvis mange fleire som kjenner at dette med forsking også vedkjem dei.

Det andre tydelege funnet er kor motivert dei tilsette er for å forska, og kor stor tiltru museumsleiinga har til forskingspotensialet i eigen organisasjon. Leiinga ved dei fleste musea ser på tilsette utan formell forskingskompetanse som fullt kompetente til å forske – og til ein viss grad er dei også blant produsentane av den målbare forskingsproduksjonen ved musea. Samstundes synar ikkje leiinga og tilsette å vere einige om den reelle moglegheita dei tilsette har for å forske ved musea. Dette ser ut til å være eit strukturelt problem. Ein ser også at leiinga forventar forsking frå tilsette som ikkje har søkt seg til museet for å forske. Kanskje fordi stillingane verken er utlyst med uttalt forventing, kanskje fordi dei ikkje er forskarstillingar sett i forhold til etablerte forskingsomgrep som musea i Vestland også nyttar om eiga forsking.

At nesten halvparten av dei tilsette på masternivå ser behovet for å auke eigen tematisk kunnskap og gjennomføre forskarkurs som enda større enn å oppnå formell forskarkompetanse, seier kanskje noko om manglande sjølvtillit når det kjem til å produsere forsking. At nesten halvparten av dei ynskjer å kvalifisere seg for konservatoraurorisasjon, og nesten ein fjerdedel ynskjer å gjennomføre PhD, seier mykje om unytta potensiale i musea. Når dei med PhD i tillegg ynskjer seg fleire kollegaer med PhD, bør alt ligge til rette for å utvikle kompetansestrategiar som møter motivasjonen blant dei tilsette.



Særlege strukturelle utfordringar

Synleggjering av forskarkompetanse

I UH-sektoren, og universitetsmusea, er forskingskompetansen synleggjort på heimesidene. Både i form av eigne sider dedikert til forsking, og ved at tilsette sin kompetanse er presentert på tilsetsidene. Her er det ofte linka vidare til Cristin.⁸² Ein ser derimot at informasjonen på heimesidene til musea i Vestland i svært ulik grad synleggjer forskingskompetanse og forskingsfelt ved musea. Synleggjering av eigen forsking og kompetanse via slike kanalar kommuniserer både kompetanse ut og kan trekke til seg relevant kompetanse for vidareutvikling, samarbeid, osb. Ikkje minst kan det ha ein positiv effekt når det gjeld rekruttering av tilsette med forskarkompetanse.

Kompetansestrategi

Skal vi tro kartlegginga ligg det allereie mykje potensiell forskarkompetanse i musea i Vestland. Nokre av musea har hatt suksess med å oppmode til og legge til rette for at deira tilsette skal kvalifisere for formell forskarkompetanse i form av PhD og/eller konservatoraurorisasjon. Erfaringane frå desse musea burde kome dei andre til nytte. Diffuse tilsettingsstrategiar tydar anten på at tilsetting av folk med formell forskarkompetanse ikkje har høg prioritet, eller at behovet ikkje blir kommunisert godt nok. Er musea attraktive som arbeidsgjevar for forskarar? Undervurderer museumsleiinga formell forskarkompetanse?

Forskingstid

Alle musea har ei utfordring når det gjeld forskingstid og å sjå verdien av å formalisere og prioritere den. Dei strukturelle utfordringane er mest tydelege her. Forskingas prioritet må reknast som likeverdig med formidling og forvalting. At dei fleste tilsette med forskingstid har ansvar innan desse områda gjer at tid – og samvit – til forsking ikkje strekker til. Når leiinga ser på forsking som nødvendig for både generell kunnskap og som utgangspunkt for utstillingar og forvaltinga av eigne samlingar, skulle ein tru at vilja til å prioritere skjerma forskingstid var større. Er organiseringa av arbeidsoppgåver ved musea ideell? Kan den omorganiserast til fordel for alle av dei fire F'an? Er viljen til forskingssatsingar stor nok?

Kjeldetilgang

Ei tydeleg frustrasjon som har kome fram i kartlegginga vår, men også andre kartleggingar gjort av forvaltinga sjølv, er at museumstilsette, sjølv dei med same formelle kompetanse som forskarkollegaer ved UH-institusjonar, ikkje har same tilgang til kjelder som dei. Spesielt med tanke på lukka, digitale ressursar. Her må sektoren gjera grep.

⁸² Cristin er eit nasjonalt forskningsinformasjonssystem for UH-sektoren der forskarar kan registrere forskningsresultat. Tenesta, som er i prosess med å bli samordna med Nasjonalt vitenarkiv (NVA), blei opna for musea i 2021 (www.cristin.no)



Kjelder

- Bymuseet i Bergen. «Forskningsplan for Bymuseet i Bergen 2015-2018.», 2014.
- _____. «Strategi 2020-2023.»: Bymuseet i Bergen., 2019.
- _____. «Årsrapport.»: Bymuseet i Bergen., 2020.
- Fjell, Tove Ingebjørg, Teemu Ryymin, og Hans-Jakob Ågotnes. «Vil man ha forskning i museene? Museumsopolitiske mål og hindringer for forskningsarbeid.». *Nordisk Museologi*, nr. 2 (2020): 26-40.
- Hardanger og Voss museum. «Forskningsplan 2018-2022.», 2018.
- _____. «Strategisk plan 2018-2022.», 2020.
- _____. «Årsmelding.», 2018.
- _____. «Årsmelding.», 2019.
- _____. «Årsmelding.», 2020.
- Heen, Hanne, og Robert Salomon. «Forskning om museer og arkiv. En evaluering av et forskningsprogram i regi av Kulturdirektoratet.»: Norsk kulturråd., 2013.
- Kraftmuseet. «Forskningsplan.», 2018.
- _____. «Strategisk plan 2019-2024.», 2018.
- _____. «Årsrapport.», 2018.
- _____. «Årsrapport.», 2019.
- _____. «Årsrapport.», 2017.
- _____. «Årsrapport.», 2020.
- _____. «Årsrapport.», 2021.
- Kulturdepartementet. «Framtidas museum - forvaltning, forskning, formidling, fornying.», 2008-2009.
- Lackner, Elisabeth Josefine. «Forskning.» <https://snl.no/forskning>
- Musea i Sogn og Fjordane. «Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024.», 2022.
- _____. «Strategiplan 2018-2021.», 2018.
- _____. «Årsrapport 2017.», 2018.
- _____. «Årsrapport 2018.», 2019.
- _____. «Årsrapport 2019.», 2020.
- _____. «Årsrapport 2020.», 2021.
- Museum Vest. «Museum Vest - Strategisk veikart 2021-2025.», 2021.
- _____. «Museum Vests forskningsplan 2022-2025.», 2022.
- _____. «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest.», 2018.
- _____. «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest.», 2019.
- _____. «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest.», 2021.
- _____. «Styrets årsberetning Stiftelsen Museum Vest.», 2020.
- _____. «Årsmelding Stiftelsen Museum Vest.», 2017.
- Museumssenteret i Hordaland. «Forskningsplan for Museumssenteret i Hordaland 2018-2023.», 2018.
- _____. «Strategi 2020-2021.», 2019.
- _____. «Årsmelding 2018.», 2018.
- _____. «Årsmelding 2019.», 2019.
- _____. «Årsmelding 2020.», 2020.
- _____. «Årsmelding 2021.», 2021.
- NIFU. «Utdrag fra OECDs "Frascati Manual" i norsk oversettelse ». Oslo, 2004.
- Norsk kulturråd. «Museene i 2017.», 2018.
- _____. «Museene i 2018.», 2019.
- _____. «Museene i 2019.», 2020.
- _____. «Museene i 2020.», 2021.
- Nynorsk kultursentrums. «Langtidsplan for forsking 2020-2022.».
- _____. «Språk, kultur og kunnskap til heile landet - Strategisk plan for Nynorsk kultursentrums 2020-2025.», 2019.
- _____. «Årsmelding 2020.», 2020.
- _____. «Årsmelding 2021.», 2021.
- _____. «Årsmelding og rekneskap 2017.», 2017.
- _____. «Årsmelding og rekneskap 2018.», 2018.
- _____. «Årsmelding og rekneskap 2019.», 2019.
- OECD. «Frascati Manual 2015: Guidelines for Collecting and Reporting Data on Research and Experimental Development.» I *The Measurement of Scientific, Technological and Innovation Activities*. Paris, 2015.



Sunnhordland Museum. «Strategi for Sunnhordland Museum.», 2021.

Utvalg for museum og forskning. «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre.»: Kulturdepartementet, 2021.

«Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre.». redigert av Utvalg for museum og forskning: Kulturdepartementet, 2021.



Vedlegg

1. Oversyn over fagfellevurderte publikasjonar ved musea i Vestland 2017-2021
2. Spørjeskjema leiing
3. Spørjeskjema anonym
4. Spørjeskjema forskar-CV



Vedlegg 1: Oversyn over fagfellevurderte publikasjonar ved musea i Vestland 2017-2021

Fagfellevurderte publikasjonar⁸³

	2017	2018	2019	2020	2021	TOTALT
Bymuseet i Bergen	-	0	0	0	Tal ikkje tilgjengeleg.	0
Hardanger og Voss Museum	-	0	0	0	1	1
Kraftmuseet	0	0	0	1	Tal ikkje tilgjengeleg	Minst 1
Musea i Sogn og Fjordane	3	2	4	0	0	9
Museum Vest (inkl. Bergen Sjøfartsmuseum)	0 (1)	1 (1)	2	0	6	11
Museumssenteret i Hordaland	0	0	0	1	2	3
Nynorsk kultursentrum	0	1	1	3	1	5
Sunnhordland Museum	0	0	0	0	0	0
TOTALT	4	5	7	5	Minst 10	

Tabell 3: Oversyn over tal på fagfellevurderte publikasjonar ved musea i Vestland 2017-2021.

Forfattarar⁸⁴

	Utdanning	Autorisasjon	Museum
Bang-Andersen, Gry	Mastergrad eller tilsvarande	Konservator (NMF)	MV
Bjørsvik, Elisabeth	PhD		MV
Ellingsen, Gunnar	PhD		MV
Gjerde, Håvard	Bachelorgrad		HVM
Grepstad, Ottar	Mastergrad eller tilsvarande		NNKS
Haugrønning, Ingrid	Mastergrad eller tilsvarande		MiH

⁸³ Norsk kulturråd, «Museene i 2020,»; «Museene i 2019,»; «Museene i 2018,»; «Museene i 2017,». Informasjon om publikasjonar og tal for 2021 er mottatt frå museumsleiainga og forfattarane.

⁸⁴ Kursiverte deltek også i spørjeundersøkinga.



Haugum, Siri Vatsø	PhD		MiH
Hevrøy, Stein Arnold	Mastergrad eller tilsvarende	Konservator (NMF)	NNKS
Sandsmark, Per Magnus	Mastergrad eller tilsvarende		NNKS
Sebak, P	PhD		MV
Storemyr, Per	PhD		MiSF
Svhuis, Årstein	PhD	Konservator (NMF)	MV
Walle, Thomas Michael	PhD	Førstekonservator (NMF)	MiSF
Økland, Bård Gram	Mastergrad eller tilsvarende	Konservator (NMF)	MV

Tabell 4: Oversyn over forfattarar av fagfellevurderte publikasjonar ved musea i Vestland 2017-2021.

Artiklar

- Bang-Andersen, G. (2019). Skipsportrettet – fra erindringsbilde til museumsobjekt. *Norsk museumstidsskrift*, 5(2), 105-123. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-2525-2019-02-03>
- Birkeli, K., Gya, R., Haugum, S., Velle, L. G. & Vandvik, V. (2021). How resilient is Calluna vulgaris to drought during germination and its seedling stage? *Authorea*.
- Bjørkeland, T., Herdlevær, E. S., Karlsen, T. K. T. & Storemyr, P. (2019). Kvernstein i Hyllestad – gull av «gråstein». Lite utforskae lokaliteter under vann. I *Sjøfartshistorisk Årbok 2018* (s. 108-125).
- Bjørsvik, E. & Nilsen, Y. (2020). «Et vestlandsk storindustri-centrum»: Etableringen av karbid- og cyanamidfabrikkene i Odda fram til første verdenskrig. *Historisk tidsskrift*, 99(1), 37-51. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2944-2020-01-04>
- Ellingsen, G. (Red.). (2018). *Calculating the World. The History of geophysics as seen from Bergen*. Fagbokforlaget.
- Gjerde, H. (2021). Flytande og industrielle kulturminne. Om tradisjonsbåtblikket og fartøyvernbrillene. *Mennesket og havet : årbok for Norsk maritimt museum*.
- Grepstad, O. (Red.). (2018). *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. . Det Norske Samlaget.
- Hansen, G. & Storemyr, P. (2017). A Versatile Resource – The Procurement and Use of Soapstone in Norway and The North Atlantic Region. I Gitte Hansen & Per Storemyr (Red.), *Soapstone in the North. Quarries, Products and People 7000 BC - AD 1700* (9. utg., s. 9-28) (UBAS University of Bergen Archaeological Series). Universitetet i Bergen.
- Hansen, G. & Storemyr, P. (2018). A Versatile Resource – The Procurement and Use of Soapstone in Norway and The North Atlantic Region. I J. Silvertant (Red.), *Echoes of a mining past*. (s. 147-169) (Yearbook of the Institute Europa Subterranea).
- Haugrønning, I. (2020). De første tekstilarbeiderne i Salhus. *Arbeiderhistorie*, 24(1), 27-39. <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5879-2020-01-03>
- Haugum, S. V., Thorvaldsen, P., Vandvik, V. & Velle, L. G. (2021). Coastal heathland vegetation is surprisingly resistant to experimental drought across successional stages and latitude. *Oikos*, 130(11), 2015-2027. <https://doi.org/https://doi.org/10.1111/oik.08098>
- Haugum, S. V, m.fl. (2021/2022). Global maps of soil temperature. *Global Change Biology*, 28(9), 3110-3144. <https://doi.org/https://doi.org/10.1111/gcb.16060>
- Haugum, S. V, m.fl. (2021). Can bryophyte groups increase functional resolution in tundra ecosystems? *Arctic Science*, 0(0), 1-29. <https://doi.org/10.1139/as-2020-0057> Hevrøy, S. A. (2019). Jesu ord og Heraklits vassgraute: Om Olav H. Hauges krisedikt 'Framfor undergangen'. I T. S. Trude-Kristin Mjelde Aarvik, Eirik Vassenden (Red.), *Undergang og utopi : poesi i krisetider*.
- Hevrøy, S. A. (2020a). Om eg-et i Kjartan Hatløys forfatterskap – med utgangspunkt i eit dikt frå Menneskedagar. I O. Karlsen & I. H. Nielsen, Stein Arnold (Red.), *Å verte var verda att : åtte tekstar om lyrikk*.
- Hevrøy, S. A. (2020b). Spor og stiar i Olav H. Hauges boksamling: Frå Platon til Paul de la Cour og attende til Hauge. *Norsk litterær årbok 2020*.



- Hevrøy, S. A. (2021). 'Hyss': Natur- og teknologierfaring i dikt av Kjartan Hatløy. *Norsk litterær årbok 2021*.
- Sebak, P. K. (2017). «Nordens New York» - Bergen som internasjonalt knutepunkt under første verdenskrig. . *Sjøfartshistorisk årbok 2017*.
- Storemyr, P. (2019a). *Baker Memorial Lecture 2017: Nidaros – The Portland cement cathedral*. The Journal of the Building Limes Forum,
- Storemyr, P. (2019b). Chert extraction: Documentation and fire-setting experiments. I A. R. Niemi (Red.), *Chertbruddet i Melsvik. Undersøkelse av chertbrudd, utvinningsteknologi og bosetningsspor fra tidlig eldre steinalder i Melsvik, Alta, Finnmark* (Bd. 50, s. 126-153). Tromsø.
- Storemyr, P. (2019c). Stein til restaureringen av Nidarosdomen. I Ø. Ekroll (Red.), *Katedralbyggerne. Nidarosdomens gjenreisning 1869-2019*. (s. 164-187). Museumsforlaget.
- Storemyr, P. & Heldal, T. (2017). Reconstructing a Medieval Underground Soapstone Quarry: Bakkaunet in Trondheim in an International Perspective. I Gitte Hansen & Per Storemyr (Red.), *Soapstone in the North. Quarries, Products and People 7000 BC - AD 1700* (9. utg., s. 107-130) (UBAS University of Bergen Archaeological Series). Universitetet i Bergen.
- Svhus, Å. (2021). *Fortidshandtering på museum* [University of Bergen].
- Walle, T. M. (2017). *From the Margins to the Pitch: Cricket, Migration and Social Resources*. Routledge.
- Walle, T. M. (2018). *Museale inkluderingsstrategier*. Museumsforlaget.
- Økland, B. G. (2019). Havfruer – ikke bare en myte. Norges Havfruefond 1964-1989. *Sjøfartshistorisk årbok 2019*.
- Økland, B. G. & Tenold, S. (2019). Mermaids Ashore: The Norwegian Mermaid Association. 1964-1989. *Mariner's Mirror*, 105.



Vedlegg 2: Forskningsinfrastruktur i Vestland - spørsmål til øvste leiar ved musea

1. Kvar er du tilsett?
 - a. Bymuseet i Bergen
 - b. Hardanger og Voss museum
 - c. Kraftmuseet
 - d. Musea i Sogn og Fjordane
 - e. Museum Vest
 - f. Museumssenteret i Hordaland
 - g. Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur
 - h. Sunnhordland Museum
2. Kva legg museet i omgrepet forsking?
3. I kva grad vert forsking sett på som eit prioritert område for institusjonen? (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast.)
4. Kvifor er forsking ikkje øvst på prioriteringslista?
 - a. Fordi det ikkje vert opplevd som like relevant som anna musealt arbeid.
 - b. Fordi det er så mykje anna viktig å prioritere.
 - c. Det har lita praktisk nytte.
 - d. Fordi ein ikkje har tilgang på dei ressursar som trengst.
 - e. Anna:
5. Er det ønske om å utvikle forskningsfeltet på museet?
 - a. Ja
 - b. Nei
6. Er det bestemte fagdisiplinar, tematiske område og teoretiske perspektiv som peikar seg ut som aktuelle innan forskningsfeltet eller -ambisjonane til museet?
7. Har museet organiserte tematiske faggrupper for jobbing med forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
8. Har museet oppretta nokon form for faste møteplassar for dei som arbeider med forsking eller forskingsrelaterte oppgåver?
9. I kva grad har museet behov for dei følgande forskingsrelaterte møtestadane? (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast).
 - a. Konferansar
 - b. Skrivesamling
 - c. Workshops for drøfting av teoretiske perspektiv
 - d. Forskarseminar med høve til å gi og få tilbakemelding på tekst
 - e. Interne seminar på museet med ulike forskingstema
 - f. Faggruppemøte med andre som forskar på same tematikk
10. Korleis får museet tilgang til relevant litteratur? (Du kan krysse av for fleire svar).
 - a. Veit ikkje
 - b. Museets bibliotek/boksamling
 - c. Andre bibliotek/boksamlingar
 - d. Tidsskriftsabonnement
 - e. Opne databasar
 - f. Lukka databasar (betaling)
 - g. Bokkjøp til bestemte prosjekt
 - h. Tilknyting til andre institusjonar
 - i. Anna:
11. Kva behov har museet for tilgang til tidskrift- og biblioteknester?
12. Har museet etablert ein struktur for organisering av forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
13. Kven godkjenner forskingsprosjekt? (Du kan krysse av for fleire svar).
 - a. Næraste leiar
 - b. Direktør
 - c. Styret
 - d. Forskningskoordinator
 - e. Andre:



14. Korleis forstår museet omgrepene forskingskompetanse?
15. Kva slags formell/reell kompetanse har dei som jobbar med forsking ved museet? (Du kan krysse av for fleire svar).
 - a. Doktorgrad
 - b. Førstekonservator (NMF)
 - c. Konservator (NMF)
 - d. Mastergrad eller tilsvarende
 - e. Har skrive fagartiklar/-bøker
 - f. Anna:
16. Er forskingskompetanse representert i styret?
 - a. Ja
 - b. Nei
17. Er forskingskompetanse representert i øvste leiing?
 - a. Ja
 - b. Nei
18. Er forskingskompetanse representert på mellomleiarnivå?
 - a. Ja
 - b. Nei
19. Er forskingskompetanse representert innan forvalting, forsking og formidling?
 - a. Ja
 - b. Nei
20. Kva slags fagstillingar operer museet med?
21. Er forskningsoppgåver eller forskingsansvar synleggjort i stillingsnemningar/-skildringar og stillingstypar?
 - a. Ja
 - b. Nei
22. Brukar museet museumstitlar (Konservator/Førstekonservator NMF),titlar (t.d. kulturvitar) og/eller akademisk grad (t.d. PhD); (Du kan krysse av for fleire svar).
 - a. i synleggjering som kunnskapsinstitusjon?
 - b. i lønsfastsetting?
 - c. i stillingsinstruks?
 - d. ved fordeling av forskningsressursar internt?
23. Angi stillingskategoriar og/eller nemningar ved museet som minimum krev mastergrad.
 - a. 1
 - b. 2
 - c. 3
 - d. 4
 - e. 5
 - f. 6
 - g. 7
 - h. 8
 - i. 9
 - j. 10
24. Har det skjedd ei utvikling knytt til krav om mastergrad dei siste femåra?
25. Kva type stillingar gir rom for forsking eller forventning om at tilsetteskal/kan forske?
26. I kva grad tilset museet folk med sikte på å få utført forskningsoppgåver? (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast.)
27. I kva grad opplever du at museet har tilgang på relevantforskingskompetanse; (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast).
 - a. Hos leiing om forsking og forskingsutviklinga innan sektoren?
 - b. Hos styret om forsking og forskingsutviklinga innan sektoren?
 - c. I form av formell forskarkompetanse (PhD)?
 - d. I form av relevant fagdisiplinær kompetanse?
 - e. I form av tematisk kompetanse?
 - f. I form av innsikt i relevante teorifelt?
 - g. Knytt til publiseringserfaring?
 - h. Knytt til rettleiingserfaring?
 - i. Knytt til fagfelleurdering?
 - j. Knytt til leiing av forskingsprosjekt?
 - k. Knytt til søknadsskriving?



- I. Knytt til rapportering?
 - m. Knytt til økonomistyring av forskningsprosjekt?
28. Har museet ein kompetansestrategi?
- a. Ja
 - b. Nei
29. Kva slags forskingskompetanse kjenner ein mest trong for å styrke? (Du kan krysse av for fleire svar).
- a. Kompetanse hjå leiing og styret om forsking og forskingsutviklinga innan sektoren
 - b. Formell kompetanse (PhD. eller tilsvarande)
 - c. Publisering
 - d. Relevant fagdisiplinær kompetanse
 - e. Tematisk kompetanse
 - f. Innsikt i relevante teorifelt
 - g. Rettleiingserfaring
 - h. Fagfellevurdering
 - i. Leiing av forskningsprosjekt
 - j. Søknadsskriving
 - k. Rapportering
 - l. Økonomistyring av forskningsprosjekt
 - m. Kompetansestrategi
 - n. Anna:
30. Kva legg museet i omgrepet forskingstid?
31. Er forskingstid formalisert ved museet?
32. Er forskingstid innarbeida som presedens knytt til bestemte stillingstypar?
- a. Ja
 - b. Nei
33. Er det andre forhold som definerer rom for/rett på forsking i arbeidstida? (Du kan krysse av for fleire svar).
- a. At ein har fått landa ein ide i lag med andre.
 - b. Godkjente individuelle prosjekt.
 - c. Eksternt finansiering/frikjøp.
 - d. At ein inngår i eit større prosjekt knytt til noko museet har interesse i.
 - e. Basert på ansiennitet.
 - f. Anna:
34. Kva rom har tilsette for å organisere forskingstida; (Ranger på einskala frå 1-5 der 5 er høgast.)
- a. I det daglege (t.d. høve til å sette av tid til uforstyrra skriving)?
 - b. I veke/ månadsplanlegginga (t.d. høve til å sette av bestemte dagar i tråd med prosentvisforskningstid)?
 - c. Gjennom tilgang til skjerma kontor eller tilsvarande?
 - d. Gjennom høve til å reise på innsamlingsarbeid?
 - e. Gjennom å delta på seminar og konferansar?



Vedlegg 3: Forskningsinfrastruktur ved musea i Vestland - Spørsmål til tilsette ved musea

1. Kva er di høgste fullførte utdanning?
 - a. Doktorgrad (PhD)
 - b. Magistergrad eller tilsvarande
 - c. Mastergrad/hovudfag eller tilsvarande
 - d. Bachelorgrad eller tilsvarande
 - e. Anna:
2. Har du ein av følgjande autorisasjonar?
 - a. Førstekonservator (NMF)
 - b. Konservator (NMF)
3. Er du motivert for å vidareutvikle forskingskompetansen din ved noverande arbeidsplass?
 - a. Ja
 - b. Nei
4. Kva slags kompetanseløft ønsker du å oppnå? (Du kan krysse av for fleire svar.)
 - a. Formell forskarkompetanse (PhD)
 - b. Autorisasjon som Førstekonservator (NMF)
 - c. Autorisasjon som Konservator (NMF)
 - d. Mastergrad
 - e. Kvalifisere for vitskapeleg stilling utanfor museumssektoren
 - f. Gjennomføre forskingskurs for museumstilsette (t.d. MUSE620/MUSE621)
 - g. Anna:
5. Er det forventa/ønska at du forskar ved noverande arbeidsplass?
 - a. Ja
 - b. Nei

Grei gjerne ut:
6. Har du i stillinga di ein viss stillingsprosent som skal nyttast til forsking?
 - a. Ja
 - b. Nei

Viss ja, kor stor stillingsprosent?
7. Har du søkt deg til museet med ønske om/motivasjon for å forske?
 - a. Ja
 - b. Nei

Grei gjerne ut:
8. I kor stor grad er din forskningsinnsats avhengig av ekstern finansiering/frikjøp? (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast).

Grei gjerne ut:
9. Har du blitt frikjøpt til forskingsarbeid i løpet av dei siste fem åra?
 - a. Ja
 - b. Nei

Grei gjerne ut:
10. Kva rom har du for å organisere eigen forskingstid; (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast.)
 - a. I det daglege (t.d. høve til å sette av tid til uforstyrra skriving)
 - b. I veke- /månadsplanlegginga (t.d. høve til å sette av bestemte dagar i tråd med prosentvis forskingstid)?
 - c. Gjennom tilgang til skjerma kontor eller tilsvarande?
 - d. Gjennom høve til å reise på innsamlingsarbeid?
 - e. Gjennom å delta på seminar og konferansar?

Dersom du får delta på seminar og konferansar, kva vert kravd for å få delta (paper, invitasjon, godtatt paper eller fri deltaking på det ein meiner er relevant?)
11. I kva grad vert tid satt av til forsking respektert av dine kollegaer (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast.)

Grei ut:
12. I kva grad får du tilgang til relevant litteratur; (Ranger på ein skala fra1-5 der 5 er høgast).
 - a. I museets bibliotek/boksamling?
 - b. I andre bibliotek/boksamlingar?
 - c. Gjennom tidsskriftsabonnement?



- d. Gjennom opne databasar?
 - e. Gjennom lukka databasar (betaling)?
 - f. Gjennom bokkjøp til bestemte prosjekt?
 - g. Gjennom tilknyting til andre institusjonar?
 - h. Anna:
13. Kva behov har du for tilgang til tidsskrift- og bibliotektenester?
14. I kva grad har du behov for dei følgande forskingsrelaterte møtestadane? (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast).
- a. Konferansar
 - b. Skrivesamling
 - c. Workshops for drøfting av teoretiske perspektiv
 - d. Forskarseminar med høve til å gi og få tilbakemelding på tekst
 - e. Interne seminar på museet med ulike forskingstema
 - f. Faggruppemøte med andre som forskar på same tematikk
 - g. Andre stader:
15. I kva grad opplever du at leiinga forstår og støttar forskingsarbeidet ditt? (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast.)
16. I kva grad opplever du at du har tilgang på relevant forskingskompetanse; (Ranger på ein skala frå 1-5 der 5 er høgast.)
- a. I form av formell forskarkompetanse (PhD)?
 - b. I form av relevant fagdisiplinær kompetanse?
 - c. I form av tematisk kompetanse?
 - d. I form av innsikt i relevante teorifelt?
 - e. Knytt til publiseringserfaring?
 - f. Knytt til rettleiingserfaring?
 - g. Knytt til fagfellevurdering?
 - h. Knytt til leiing av forskingsprosjekt?
 - i. Knytt til søknadsskriving?
 - j. Knytt til rapportering?
 - k. Knytt til økonomistyring av forskingsprosjekt?
17. Kva slags forskingskompetanse ønsker/meiner du at museet bør styrke? (Du kan krysse av for fleire svar).
- a. Kompetanse hos leiing og styret om forsking og forskingsutviklinga innan sektoren
 - b. Formell kompetanse (PhD. eller tilsvarande)
 - c. Publiseringserfaring
 - d. Relevant fagdisiplinær kompetanse
 - e. Tematisk kompetanse
 - f. Innsikt i relevante teorifelt
 - g. Rettleiingserfaring
 - h. Fagfellevurdering
 - i. Leiing av forskingsprosjekt
 - j. Søknadsskriving
 - k. Rapportering
 - l. Økonomistyring av forskingsprosjekt
 - m. Kompetansestrategi
 - n. Anna:



Vedlegg 4: Forskningsinfrastruktur i Vestland - Forskar-CV

1. Namn:
2. Kvar er du tilsett?
 - a. Bymuseet i Bergen
 - b. Hardanger og Voss museum
 - c. Kraftmuseet
 - d. Musea i Sogn og Fjordane
 - e. Museum Vest
 - f. Museumssenteret i Hordaland
 - g. Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur
 - h. Sunnhordland Museum
3. Kva er din høgste fullførte utdanning?
 - a. Doktorgrad/PhD
 - b. Magistergrad eller tilsvarande
 - c. Mastergrad/hovedfag eller tilsvarande
 - d. Bachelorgrad eller tilsvarande
 - e. Anna:
4. Har du ein av følgande autorisasjonar?
 - a. Konservator (NMF)
 - b. Førstekonservator (NMF)
5. Kva er ditt/dine fagfelt?
6. Kva er din stillingstittel?
7. Har du erfaring frå forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
8. Har du registrert dine forskningsresultat i Cristin?
 - a. Ja
 - b. Nei
9. Har du skrive fagfellevurderte publikasjonar?
 - a. Ja
 - b. Nei
10. Har du erfaring med å gjere fagfellevurdering?
 - a. Ja
 - b. Nei
11. Har du erfaring frå anna forskingsproduksjon?
 - a. Ja
 - b. Nei
12. Har du erfaring med forskingsrettleiing?
 - a. Ja
 - b. Nei
13. Har du erfaring med rapportering frå forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
14. Har du erfaring med søknadsskriving innan forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
15. Har du erfaring med økonomistyring av forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
16. Har du anna relevant erfaring?
17. Har du som tilsett hos noverande arbeidsgivar i perioden 2017-2021 deltatt i forskingsprosjekt?
 - a. Ja
 - b. Nei
18. Har du som tilsett hos noverande arbeidsgivar i perioden 2017-2021 skrive fagfellevurderte publikasjonar?
 - a. Ja
 - b. Nei



19. Har du som tilsett hos noverande arbeidsgivar i perioden 2017-2021 medverka i anna forskningsproduksjon?
 - a. Ja
 - b. Nei
20. Har du som tilsett hos noverande arbeidsgivar i perioden 2017-2021 deltatt i forsking og utviklingssamarbeid (FOU) med andre museum?
 - a. Ja
 - b. Nei
21. Har du som tilsett hos noverande arbeidsgivar i perioden 2017-2021 deltatt i FoU-samarbeid med vitskapelege institusjonar?
 - a. Ja
 - b. Nei
22. Har du ved frikjøp frå noverande arbeidsgivar i perioden 2017-2021 gjennomført eller deltatt i eksternt forskningsproduksjon?
 - a. Ja
 - b. Nei
23. Har du fagdisiplinær forskarkompetanse som er relevant for stillinga du har/for museet?
 - a. Ja
 - b. Nei
24. Har du tematisk forskarkompetanse som er relevant for stillinga du har/for museet?
 - a. Ja
 - b. Nei
25. Har du teoretisk forskarkompetanse som er relevant for stillinga du har/for museet?
 - a. Ja
 - b. Nei



MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

Musea i Sogn og Fjordane

Gota 16, 6823 Sandane

telefon: (+47) 99 09 47 77

post@misf.no

Følg oss på:



[museaisognogfjordane/](https://www.facebook.com/museaisognogfjordane/)



[museaisognogfjordane/](https://www.instagram.com/museaisognogfjordane/)